Fraa By og Bygd.

Tidskrift

aat

Vestmannalaget.

I.

Bjorgvin.
Hjaa Edv. B. Giertsen.
1870.

1038
X 058.1
F841
1870
14

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Denne Tidskrift er næmaste etlad Lagsmennerne i Vestmannalaget. Dan fremste Grunnen til Utgivingi er, at Laget i dan sidste Tid heve fenget sume Lagsmenner paa Landsbygdom og at endaa fleire darifraa synast hava Hug til at koma med, soframt ein kann døma etter dei Spurlag, som berast upp um Lagsens Gjerd og Fyremaal. Dat segjer seg sjølvt til, at Laget gjerna vil knyta slike Folk til seg, for paa dan Visi kunde ein koma i livande Samband med Landsfolket og faa i Stand ei Fylking med Greiner i dei ymse Bygdalag, som alle stemnde fram mot dat same Maalet: at fremja Nordmannskapen i Landet.

Med Tanken paa detta vardt dat logteket paa sidste Aarsmøtet i Vestmannalaget, at utanbyes Folk kunde verda Lagsmenner mot halv Bitaling, 60 Skilling um Aaret. Men daa dat likavel inkje kann vera ventande, at rett mange i Lengdi kunna hava Hug til at bitala til eit Lag, som dei sjeldan elder aldri kunna faa stort godt av, so skapteſt Ynsket um at gjera eitkvart, som baade kunde kvessa Samhugen med Lagsens Gjerd og halda Hugen vedlika. Darmed so kom dat daa fram i Laget og vardt vedteket, at ein skulde freista med stundimillom at giva ut ei Skrift. Dat var Meiningen, at ein i denne Skrifti skulde prenta

av ſovoret, ſom i Laget var framboret, og ſumt annat, etter ſom ein tykte til kunde høva.

Nærverande Skrift er daa dan fyrſte Freiſtnaden paa denne Vegen, og dat er Meiningen at halda fram med meir av ſame Slaget, etter kvart ſom ein ſer ſeg Syn til deſs.

Med Skrivemaaten hava me lagat oſs etter Ivar Aaſen, ſo myket helder, ſom me no ſjaa, at dei ſkrivande Folk, ſom i ſumt ſynteſt vilja ganga paa eigi Hand, no taka til at ſnu ſeg atter til hans gode Mønſterform. Einaſte med Ordi dan, dat og dar=den, det og der lata me kvar fylgja ſin Hug, av di me tru, at dei ſkrivande paa fyrſte Taket her lyt faa bruka dan Form, ſom dei ero vane med i Heimemaalet ſitt elder helſt vilja hava.

Dat er ſjølvſagt, at me vilja vera takkſame, um nokon vilde ſenda Tillag til Skrifti fraa By og Bygd. Me vona, at ho ogſo kann koma til at gjera Gagn i ſo Maate, at Folk kunna uppmodaſt til at taka til Pennen og ſkriva ned Song og Segn og andre gode Ting, naar dei hava ein Staden, dar dei kunna faa dat framboret fyre Aalmenningen. Er Lukka god, kunde dei maa henda attaat tena ſeg ein liten Skriveſkilling.

Bjørgvin um Vaaren 1870.

Vestmanna-Song.

Sungen paa Logskipnings-Møtet.

Tone: Dei vil alltid klaga og kyta.

Baade Bønder og byfødde Menner
ero her komne saman i Lag,
men me alle som Brøder oss kjenner,
daa vaar Hug er av beint same Slag.

Ja me elska vaart Land lika varme,
lika høgt me og vyrda vaar Ætt,
og me verda visst nett lika harme,
naar som Lygni skal gjelda fyr Rett.

Difyr norske me helst vilja vera,
og me tykja, at dan er ein Skarv,
som vil tru paa dan framande Læra
og ei vyrda um Fedranna Arv.

Me vaart Fjellmaal og difyr vil hava,
dat ſom Fjordfolki bruka her veſt,
naar paa Land elder Sjoen dei kava,
for dat høver oſs Havkaggar beſt.

Og ſom dei ſkal me fara i Make,
vera ſnilde kvar einaſte Dag,
for dat batar oſs beſt vera ſpake
i vaart ſmaalaatne Maalmannalag.

Men me her, etter daglege Kavet,
bruka Tanken, med' Kroppen fær Kvild,
ſo me ſyna, at Folk ut med Havet
gjera annat en bert ſalta Sild.

Henrik Kruhn.

Til Vestmannalaget.

Sungen i Laget paa 2dre November 1869.

Tone: I Rosenlund o. s. v.

Tak mot mi Helsning, du Vestmannlag!
Til eit me fram vilja vinna.
Og tru, det var meg ein Fagnadag
no her at kunna deg finna.
Eg mot deg kjende stødt eit Drag:
Det er 'kje mange slike.
Og d'er med meg som annat Slag,
at Like søker Like.

Eit Hjartelag og den gode Tru,
det er 'kje alle Mann givet.
Men upp eg lærde meg likſom du
og sleit meg fram gjenom Livet.
Det Strævet er, som mogna kan.
Det Motgang er, som tenker.
Og derfor sa' hin vise Mann:
„Eg kysser mine Lænker."

Den Mann, som Vaapen imot os bar,
som eg og du var han fegen;
for eigen Daarskap det tidast var,
som stod os vrangast i Vegen.
Han kvad som me til Landets Pris,
om dauv paa eine Syra:
Me dyrka Gud paa kvar vaar Vis
og han vil alle høyra.

Aa ja, me „stræva" so godt me kan,
at Norge up seg skal yngja.
Han kjem snart etter den andre Mann,
og skal paa „Maalet" nok syngja.
Det berre Spursmaal er om Tid,
og Dagen nok verdt funnen.
Og derfor er med all den Strid
det Skjemtarverk i Grunnen.

A. O. Vinje.

Var Henrik Vergeland Maalmann?

(Tale i Vestmannalaget av Henrik Krohn.)

Dat er trulegt, at kvar ein, som heve leitat i Skriftom hans Henrik Vergeland, inkje turfte sokna rett djupt, fyrr han fann klaare Vitnemaal um dat, at denne norsklyndte Skalden vaar ogso var inne paa Maalsaki, og at han jamvel var so god og greid ein Maalmann som han kunde vera paa ei Tid, daa Kjendskapen til dat livande Folkemaalet var i sin fyrste Barndom; daa Sambandet imillom Bygdamaalom innbyrdes og imillom Bygdamaalom og Gamallnorsken laut synast ugreidt jamvel fyre dei mest kunnande Maalgranskarar; daa dan livande norske Folkediktningen var ukjend fyre „Storfolket"; daa Ivar Aasen endaa sprang som ein ulærd Bondegut kring Haugarne paa Fadersgarden, som ligg innestengd imillom dei sunnmørske Høgfjellom, og daa difyre ingen endaa hadde tenkt korkje paa Ord-

bok elder Maallæra fyre dat rette norske Maalet. Dat er tvillaust, at Folk, som hava leset Vergeland med Umtanke paa denne Ting, snart hava funnet ut, at han var eit godt Stykke inne paa Maalsaki og jamvel gjekk i Brodden fyre sine Samtidingar i so Maate. Dat vil soleides trulege inkje vera nokot nytt fyre dei aktive Maalmenner, dat som eg no tenkjer at bera fram. Men eg trur likavel, at dat kann vera mange her, baade Mann og Kvende, som inkje beint fram hava ransakat Tingen og som difyre kunde hava Hugnad av at faa Greida paa, kvar dan store Skalden stod paa Maalvegen, ein Veg, som inkje er fraa i Dag elder i Gaar, men som er ein Farveg igjenom dan heile Livssaga til dat norske Folket, alt um han i lange Tider heve voret so litet nyttad og difyre igjenom Tiderna vardt so attergrodd med Gras og Ruster, at han likasom kvarv or Syni paa Folket. Men Vegen ligg som sagt igjenom vaar heile Saga, alt fraa dan forne Tid, daa dei gamle, velvyrde Skaldarne saato i dan heidne, brynjeklædde Vikingaringen og kvad dei store Eddakvædi, og ned til dei nye Dagar, daa Gamlegubben elder Kona i Vadmaalstrøya sat i dan smaalaatne Røykstova i

Telemork og kvad dei livande norske Folkevisor fyre dan kristne Presten Landstad, denne elskelege Mannen, som med sitt ægte norske Skaldehjarta var ein av dei fyrste i nyare Tid, som greidt saag, kvar dan rette Vegen gjekk til dan nationale Uppstanding fyre dat norske Folket.

Nei, Maalsakvegen heve i Vissa aldri voret avbroten, detta skulo me koma i Hug, og han vil helder aldri verda reint avbroten, so lenge dat rette norske Maalet endaa liver i ei einaste Fjellbygd, so lenge dat endaa finst ein norsk Mann elder Kvinna, som ber fram ei Folkevisa paa norskt Maal som sitt eiget. Skulde dan Tid koma, daa dat reint tagnad av i Noreg, daa er Vegen til Endes, men daa kann dat vel helder inkje lenger vera Tale um norsk Tjodskap i sann Meining, daa er dan norske nationale Livaadr avskori med dat same og dat norske nationale Andeliv er fraa dan Dag berre ei Saga.

Difyre skulo me ogso finna, naar me sjaa nærre etter, at kvar einaste Nordmann, som er av nokor Vigt i sitt Folks Andeliv, heve medvitande elder umedvitande voret inne paa dan same Vegen, um dat var aldri so litet. Sume hava hentat nokre

Ord, andre nokre Vendingar elder Ordtøke fraa Folkemaalet; sume hava hentat Kjøt og andre Ande, og dei, som ingen Ting trengde til av Folketoet, deim vil vaar Saga helder inkje kjennast stort ved. Eg meiner til Dømes slike som Diktaren A. Munch, som eg ein Gong høyrde fortelja heilt naivt, at paa ei Ferd, som han og Professor Munch gjorde i Lag fraa Oslo og hidt, laut Professoren stødt vera Tolk imillom honom og Bonden, som Diktaren sjølv slett inkje skynad. Han tykte dat ingen Ting gjorde, at ein Diktar inkje kunde skyna sitt eiget Folk, og slike kunna sjølvsagt helder inkje kjenna nokon Trong til at standa i Samvekssel med Landsfolket, som hjaa oss ber paa dat nationale i djupaste Meining. Men naar ein Diktar inkje heve Torv til at venda seg til sitt eiget Folk og til at ausa or dan friske Kjelda, som stendigt renn fram or Folkedjupet til Næring fyre dan sanne Diktar, so vil han ogso verda utan nokor vidare Vigt i dat nationale Andelivet. Hans Maal og Mæta vil i dette Stykket beintfram standa i Samhøve til hans Trong, og korkje vera større elder mindre en denne.

Difyre heve ogso Henrik Vergeland voret av

so stor Vigt i vaar nationale Framgang og dat norske Andelivet, just av di dar hjaa honom var full Trong til at ganga dan rette norske Vegen, som han var inne paa med lika so fullt Hjarta som nokon. Trongen til at standa i Samband med dat folkelege er umiskjennande hjaa dan store Skalden, og han kom difyre ogso til at strida fyre dat same som me Maalmenner; men, som ventande var paa dan Tid, laag dat meir likasom i Skodda fyre honom, og Striden vardt difyre i hans Tid til liten praktisk Nytte fyre Folket, men til dess større indirekte Gagn fyre Maalsaki og fyre dan aalmenne nationale Reisning i vaar nyare Bokavl. Han var med at kveikja dan Eld, som no vermer so mangt eit Maalmannshjarta og lyser alt sterkare og sterkare yver Vegen deira.

Ein skal av mangt Bokverket hans Vergeland kunna sjaa hans Diktartrong til at standa paa norsk folkeleg Grunn. Hans greide og faste Vilje til at lyfta dat rette folkelege i Maal og i Sed upp i Høgsætet kjem fram snart sagt i kvart hans Verk, alt um dat ogso greidt nog glapp fyre honom at faa dat, som han vilde, rett fram i desse Skaldeverk,

som i Vissa ero meir aalmenn-europeiske en dei av nokon annan norskfødd Skald.

Med di dat sjølvsagt inkje kann vera Meiningen her i Kveld at ganga djupt inn i dat fyreliggjande Emnet, so lyt eg nøgjast med berre at draga fram nokot av dat, som kvassaste ber Vitnemaal um Maalmannskapen hans Vergeland. Fyrst vil eg daa halda meg til eit Skriftstykke av honom, som stod i „Bondevennen" 1835 og som greidt nog er eit endeframt Innlag i Maalsaki. Stykket heve til Yverskrift: „Om norsk Sprogreformation". Alt paa fyrste Sida kjem nokot av dat sanne Maalmannsmerket fram i Ord som desse:

„Erindres ret, saa var det vor Bjerregaards „Fjeldeventyr", som først gjorde Danskerne opmærksomme paa Udviklingen af et norsk, mere i Ord og Ordrigdom end i Ordbøininger fra det forhen fællesbrugte forskjelligt Skriftsprog. Kjøbenhavnerne yttrede sig med sletkunstlet Spot: „Nu forstaa vi ikke de norske Forfattere mere." — — — — — — Midtunder uden- og indenlandske forgjæves Anstrængelser for at Norge dog idetmindste som literær Provinds skulde vedblive under det danske Aag, fremblomstrede en Literatur med alle den friske Ungdoms Kjendemærker. — — — — — —

Mod denne Retning, som fremdrives af Kræfter, der ere rolige og stærke, netop fordi de ere sig et af de aandelige Verdens Naturlove foresat Maal bevidste, er det at Danomaniet ophidser sine. Denne (sprogreformerende) Idræt, der udføres i en Samvirken, omendskjønt de ligesindede Aander desværre ikke i noget egentlig Samlag forene sine Kræfter, er for Danomaniet kun et letsindigt og frækt Oprør mod Smagen og vore aandige Formyndere i Danmark."

Vergeland, som var utan vaar framskridne Kjendskap til Saki, utan nokon Kunnskap um Folkedigtningen og utan dei djupe aasenske Hjelpetjeldor, han kunde sjølvsagt helder inkje sjaa so gløgt som me no kunna. Dat kann difyre inkje undra nokon, at han i Bruket av Landsmaalet inkje kom lenger en til Uppblandingi av norske Ord i dat danske Maalet. Dei nedskrivne Meiningarne hans ganga difyre ogso mest aat denne Leidi, men dei sviva likavel so langt inn paa dan rette Maalmannsteorien, at dat er reint merkelegt. Han segjer soleides:

— — — — Det er de samme Sprogdommere, der erklære de over største Parten af Norge udbredte Ord Kampp, Skot, Kulp, Skrasl, Bart, for kun „bekjendte og brugelige af Almuen i en eller an-

den enkelt Egn"; og Grop for ikke norsk, fordi det findes ogsaa i Svensken; samt som banlyse de udtryksfulde, oldnorske Ord smyge, siige, skvette, Gulp som Udtryk af et saare ubehageligt Indtryk, fordi de ere blevne almindelige for de lavere Klasser, men sjelden blandt de bedre. Der gives altsaa et Sprogaristokrati og Sprogaristokrater. — — — — — — — — — — Men for norske Forfattere af nogen Særegenhed og især for Digterne er det paa engang Nødvendighed og deres Hang til Frihed, der driver dem til at nærme sig det Sprog, som Folket taler. — — — Saaledes sker det da, at Tanken, naar den ligesom standser under et Aandsvirke, fordi den finder det Udtryk, det gjængse Skriftsprog tilbyder den, for snevert eller for rummeligt, forskyder dette og efter Valg ifører sig det Ord i Folkets Talesprog, som udtrykker den bestemtest og lader Tanken med størst Bekvemhed bevæge sig. — — — — Disse anbefalende Egenskaber besidde nu netop de Ord af vort Almuesprog, som paaankes. — — — Men Modstanderne vil have vort Skriftsprog stillestaaende. De ønske Norge til Lykke med denne Gave af Danmark. — — — Vilde man gaa Ord for Ord de paaankede igjennem, da skulde en sund og retfærdig Dømmekraft, udrustet med et godt norskt Øre, baade finde at de ere ægte norske i Fødsel, Klang og Betyd-

ning, og at de som ofteſt ere korte, beſtemte, udtryksfulde, af god Malm og Byrd, maleriſke, ja ofte uundværlige der de ſtaa. — — — — Skulle diſſe da forkaſtes med Foragt fordi de have trukket ſig tilbage fra vore forhyddſkede Steder til de hjemligere Bygder? de vende med fuld og uſvækket Indfødsret tilbage; Oslo og Nidaros ere dem ogſaa tilodlede. De ſkulle komme ſom gamle, længe fraværende Venner, der ſtrax finde og indtage den Plads, de før havde."

Me ſjaa ogſo greidt, at Vergeland alt hadde Skyn paa kvat ſom turfteſt til at reiſa dat, ſom velt var, og føra dat andlege Livet i Noreg inn paa dat rette nationale Faret. Han framfører med profetiſk Syn juſt dei Krav, ſom Maalmennerne no ſkriva inn paa ſitt Merke. Han ſegjer ſoleides: — — — „Oldſprogets Gjenoplivnen, Almuſproget, flere mere Dannedes Bekjendtſkab dertil, de danſke Familjers Hendøen og deres Ætlingers Fornorſkelſe, flere og dygtige ſandt norſke Forfatteres Fremtræden, en mulig iſtandbragt Forbindelſe imellem de bedſte iblandt dem til Sprogets Uddannelſe, Foreningen af fædrelandsſindede lærde Mænd for Selvbearbeidelſen af egne Oldſkrifter, Fædrenelandets Opblomſtren, dets politiſke

Selvstændigheds Fastnen — alt dette dynge vi sammen, og Seirhaabet læner sit Anker til dette Bjerg. Vilde og maa end Tiden modne denne Seier, saa overlade Vi dog ikke dette til den alene: Vi maa ikke miskjende om vore Kræfter i en Kamp af saa høi en Moralitet. Historien, Alstyrelsen igjennem den, skal ikke ophæve sine Love og gjøre Norge til en Undtagelse imellem Landene. Thi er den Bemærkning rigtig, at man synes at kunne kræve af et Folks hele Sprog, at det skal gjengive os igjennem Øret noget Lignende det Helbegreb, vi igjennem Øiet og Granskningen have samlet om Folket og Landet — da fornemme vi i vort nuværende Skriftsprog langtfra dette, saa tydeligen som Folkets og Landets skarpe Character fortjener. Men i Almuemaalet høre vi den; vi finde der vort Norge og den Natur, der fostrede os op (men mon for at falde i fremmede Hænder?). Og i Anelsen, som paatrænger sig selv den, der blues ved sit Modersmaal, om at dog anderledes eller saa burde være, som oven sagt, have vi Grunden hvorfor det svenske Sprog, der mest afbilder Norge og dets Folk, tiltaler os med en saadan Velklang, med en, der synes os bekjendt som Barndomsminder. Fornuften har Intet imod at Indbildningskraften siger: „jeg ser Spanjerens Grandezza, jeg hører hans vægtige Trin, jeg ser de castilianske Sletters forbausende Vidde, de al-

vorlige, bølgede Sierraer, Nevadas Majestæt over Vegaslettens rige Ynde, jeg hører Mulæselklokkerne og Romancerne og den natlige Guitarre under Laurer og Rosmariner: — jeg hører og ser Spanjen og Spanjerne i det spanske Sprog." — — — Landets Karakter præger sig i Folkets, dettes i Sproget. Ikkun om vort Israel, der ogsaa har været 400 Aar i et Ægypten, maa vi med Sorg sige, at dette ikke opfyldes tilfredsstillende i Skriftsproget, saaledes som det i fuldt Maal sker med det egentlige Folk og dets Tale."

— — — —

Som eg sagde fyrr, og som ventande var paa dan Tid, so gjekk Tanken og Arbeidet hans Vergeland mest ut paa at faa blanda upp Skriftmaalet med norske Ord, nokot som ymse Folk endaa dan Dag i Dag halda paa med. Denne Blandingsteorien kann i Vissa hava sin historiske Rett og laut paa ein Maate ogso vera dan fyrste Framsyningi av Lengslen etter eit norskt Maal. Men at ein slik Blandingsfreistnad utan Regel og Rettesnøre og etter kvar Manns serskilde Godtykke aldri kann føra til nokor fast og aalmenn Maalform og difyre helder inkje vera til stort praktiskt Gagn, dat ber Henrik Vergeland greidt Vitnemaal um. Av alle dei Ord, som han tok upp i dat danske Skriftmaalet, er dat

hardla faae, som endaa til denne Tid, etter at tretti Aar ero lidne, hava voret gode til at faa Fotfeste. Og detta kann inkje annat vera, naar „Sprogreformen" elder Maalbøtingi soleides verd til ei personleg Smaksfak utan vitenskaplegt Grunnlag. Dat, som Vergeland tykte var fagert og raakande, tykjer ein annan Skald er smaklauſt, og ſo vil dat trulege ganga med alle Diktarar. Paa dan Viſi verd ein greidt nog gangande i ein Ring radt ſom Smalen i Tunneſykja. Ein kann ogſo no hugheilt ſpaa, at Uppblandingi meir og meir vil minka av, etter kvart ſom dat rette Skynet og dan rette Kunnſkapen veks. Vergeland gjekk ogſo lengre i Uppblandingi en nokon Diktar etter honom, og dat ſer fulla ut til, at han i ſin Trong til norſkt Maal heve havt Øyro med ſeg og lydt vel etter Folketalen. Berre i dat Skriftſtykket, ſom her er framdreget, heve han ein heil Ordſamning med ovgode norſke Ord, ſlike ſom ſpak, vek, ſkrukket, faafængt, framfus, Klængenavn, Hein, Svigraad, Samlag, beintfram, Grind, Laat, andføttes, Tvibeite, o. m. fl.

At han vardt hardt medfaren av honom Velhaven og andre Kritici, naar han kom dettande med

slike sterke, friske Fjellgutar ned i dat linne og „sirlige" danske Flatlandsmaalet, var inkje annat ventande og helder inkje meir en rett. For dar høva dei som Ørnefjødr paa Kraaka, og ein og kvar med fint Øyra fyre Godklangen i Maalet maa styggjast ved slik Smakløysa. Dat er ei Aatferd, som maa dømast lika hardt baade fraa norskt og danskt Synsmaal. Naar me soleides lesa slikt som detta:

Did, min Frænde, i det Blaa!
Dig en Fredsaand hæved:
Han, hvis Hvidving længe laa
paa din Skolt og bæved,

so maa me giva hans danske Motstandsmenner Rett i, at dat er Smakløysa, og døma dat lika hardt fraa vaart eiget norske Synsmaal. Men med Skaldens Trong til eit norskt Maal kann ein likavel inkje annat en hava dan djupaste Medkjensla, for denne Trongen var botnad paa varm Kjærleike til Fedralandet og paa dan rette Nordmannskap, som han saag Bonden bera fram i sitt Maal. Han kjende paa seg dat, som dan svenske Professor Claëson so raakande heve sagt, at „språket är en uppenbarelse af nationalanden".

Me hava seet, at dat meste Maalstrævet hans Vergeland var at faa blanda norske Ord upp i Danſken, og difyre ſkipad han ogſo Skrivemaaten etter dei danſke Maalreglarne. Men me ſjaa ogſo Døme til, at han hadde ſom ein Kjenſel av, at dat turfteſt nokot meir en detta, og at Maalbøtingi hadde andre Krav i Faret ſitt en berre godtykkelege at lappa nokre Ord inn i eit annat Maal. At han helſt hadde gjort ſom me no gjera og teket upp Landsmaalet i ſitt reine og fulle Skap, naar han hadde voret før til at gjera dat regelrett, kann ein vel ſnaudt nog tvila paa, naar ein les ſlike Ord ſom deſſe:

„Normanden vilde gjerne tillade ſig større Frihed i at bogſtavere Ordene næſten ligeſom de tales. Det er en Slags opofrende Skaanſel for de Svages Skyld, at han ikke gjør det. I „blaut" ſynes ham at være mere mollities end i „blød," i dryg mere end i drøi. Han er ikke ſaa naragtig pertentlig, ſaa taabelig „vanen", at kalde det Ord uværdigere og af en ringere Rang end Skriftſprogets, fordi det hidtil kun har levet i Mængdens Mund, og nu førſt fremtræder med ſine Fordringer i denne almindelige Norges Reſtaurationstid."

So kjem han daa fram med ei heil Horg med

norske Ord til Fyredøme, som han helst vilde skriva paa same rette Maaten som me no gjera, slike som Kleiv, Fjellbeite, Skigard, Olrøyk, Svaberg, Elveskot, berglendt, Gildre, o. s. v. og daretter held han fram soleides:

„Her vil Nedskriveren standse lidt i at mønsternævne norske Ord, for ikke ligeindtil Nerveslag at saare de fordærvede eller fremmede Øren, der saa ondt ved blot at høre dem enkeltvis. — — — — Af ren Barmhjertighed spares de syge Øren for et helt Hærkje norske særtegnende Vendinger, som kunne bevise Modparterne, hvad de af Uvidenhed ikke kunne indrømme, at vort Skriftsprog har ikke alene en lexikalsk, men ogsaa noget af en grammatikalsk Rigdom fra Almuesproget i Vente. Da det ikke er vant om at finde Leilighed til at vise det paa de mange Kamppladse, som nu aabne sig for Sprogstridighederne, især saafremt de egentlige Sproglærde vilde træde i Skrankerne med nogen Dristighed og uden at fare alt for lækkert frem: saa snygge vi os herfra med bitter Klage i Hjertet over at den lange Trældom ogsaa har havt den ulykkelige Følge, at Haabet maa opgives om at kunne gjenvinde ret meget af de grammatikalske Former. Det er ikke likt til, at vore Ordbøininger fra Almuesproget skulle gjenerholde deres Fuldkommenhed. Casus, Kjønnene, Vokalforandringer, Let-

heden i Sammensætning og mere til skulle være tabte Klenodier, som Smerten derover vil vurdere."

Kor skulde dan varmhjartad og frihugad Skalden inkje hava glædt seg, um han hadde livt eit Tjug Aar seinare og seet Ivar Aasen bera fram vaart reine Landsmaal, so rikt og fullboret baade i leksikalsk og grammatikalsk Veg. Ja kor fegen skulde han inkje voret, um han hadde visst, at hans Spaadom um eit sereiget norsk Maal skulde uppfyllast paa ein Maate, som var endaa gildare en han hadde tenkt seg. Med si bergfaste Tru paa Noregs Livskraft til at liva sitt eiget Liv saag Skalden med sitt Spaamannsauga, at Folket ogso vilde hava sitt eiget Maal; men endaa han inkje kunde hava nokor greid Syn paa korleides dat vilde skapast, spaadde han likavel, at so maatte verda, med Ord, som ero merkelege at lesa. Han segjer:

— — — „Disse Fædrelandets ærlige Sønner og kraftige Aander er Seiren forjettet, som elske de norske Toner, og som lære sine Aandsfostre tidligen at gjengive Folket Lyden af dets egen og Landets stærke og djærve Natur. Vorde end Framstegene ikke saa kjæmpemæssige, som flere Normænd end Forfatteren ønske, saa er dog alt Noget erhvervet og Mere skal erhverves

for vort Sprogs og hele vaar aandige Selvstændighed. Kamphærdede Mænd, Mænd, som under uegennyttig, ja Selvopoffrelse krævende Strid opvoxede til Styrke, skulle ikke se det Kampvundne gaa tabt. — — — — Det er ikke længer Navnet af et norsk Skriftsprog og norsk Literatur, som Normændene ville vinde. — Men nu er det Virkeligheden af et selvstændigt Skriftsprog, som fremæsker Norges Aander. Dette maa Tiden af sig selv afføde før Aarhundredet nedrødmer, og saameget snarere, som Kræfterne derfor forenes. — — — — Ogsaa os skal Nytten og Æren af et selvstændigt udviklet Sprog koste en literær Borgerkrig; thi det er ligesaameget inden- som udenlands, at Modkjæmperne reise sig, og for mindre ville ikke disse Profeter, som have solgt sig Belial i Vold, lade Fædrelandet gjenvinde dette sit Odelsklenod."

Dat synest mest som han i Tanken alt skulde hava seet heile Maalstriden, som me no liva med i, og dar han i Vissa inkje hadde voret dan attraste Fylkingsmannen, soframt han hadde livt no um Stunder. Som alle klaarsynte Spaamenner kjem han ogso med sine manande Klageord til deim, som i Tankeløysa og utan rett Syn paa dat heimelege sviva med i dan danske Traditionen elder Vanelivet, og med Skaldens rettkomne Sjølvkjensla uttalar han

harde Spotteord yver deim, som faavise og forherde standa imot dan nationale Frelsen. Han endar sitt Skriftstykke soleides:

— — — „Om disse vore danske Skuespilleres lærvillige Elever, om Disse, der, blinde og taalige omdreies med og dreie Modehjulet, hvis evindelige Kredsløb netop gjør det ensformigt, og lader Betragteren ligegyldig ved enhver enkelt Bevægelse, om Disse kan endnu Samlændings-Kjærligheden nære Haab, endskjønt de kun ere det lidet værd. Men kun om de Enkelte haabe vi Intet, der lade til af Grundsætninger at danisere, og som forvanske Historien og Sandheden, idet de tillige søge at bringe Fædrelandet til at rødme over sig selv. Anden Gjendrivelse end den blotte Anførelse behøver da ikke denne Lære, „at Norge tilforn ved egen Brøde tabte Selvstændigheden"; „at Danernes Paastand, naar de vindicere sig Sproget, har meget for sig"; „at vi maa lykønske os med at vi saa bekvemt komme til at deltage i en af Europas mest dannede Nationers Literatur"; „at vi igjennem Danerne sættes i Forbindelse med alle øvrige videnskabelige dannede Nationer, hvilket ellers ikke skulde kunne være Tilfældet". Danmark skal endnu være Hovedlandet; Norge kun en aandig Provinds derunder. Saa er det; og derfor maa Nordmændene først og fremst indprænges Ringeagt for norsk Skjønvidenskabelighed og anden norsk Literatur og Mis-

tillid til egne Kræfter. Lykkes dette — nu, da skal Norge heller ikke længe rose sig af politisk Selvstændighed. Lader den dannede Almenhed sig indbilde, at de ere sangvinske Daarer eller aandige Voldsmænd, som arbeide paa Fædrelandets aandige Selvstændighed, da skal den ogsaa snart fra en anden Kant lade sig indhvikke, at De, der ære og stride for Fædrelandets borgerlige Selvstændighed, ligeledes ere enten Narre eller Folk, som bør bindes. Ja lykkes det vore værste Danomaner, at indgyde Folket Ringeagt for sig selv — da skal Fædrelandet vorde den vanærede Kvinde eller den arme Moder ligt, der krænkedes (ja af sine egne Børn), lige indtil at Hun udvandrer af sit Hus og livsled, med hendøende Øine og et fastnet, følesløst Smiletræk om den lukte Læbe sætter sig paa den stormige Havbryne. Og Havet voxer og rører alt hendes Ankel, hendes Knæ, hendes Belte, og Stormen bortfører hendes Lokker: men Blikket livner ikke, og Smilet løsner ikke; hun rører sig ikke — ligegyldig enten hun skal borthvirvles af Østens Storme eller af Bølgerne fra Sønden."

Me finna framleides i Skriftom hans Vergeland, at dat inkje var fritt fyre, at han freistad med ogso at skriva Landsmaal. Dat finst etter honom ein liten Diktbundel, som han kallad „Langeleiken, en Krands af Digtninger paa Dølemaal".

Maalet er helder skakkkøyrt, men likavel betre en ein kunde venta, naar ein kjem i Hug, at han korkje sjølv var Maalgranskar elder hadde nokot Maalmannsarbeid at stydja seg til. Dat norskaste baade i Ande og Form er „Devegge-Hodne", ei Segn fraa Hallingdal, som han heve sett i Stil, til Helsti Vers, til Helsti Prosa. Eg skal til eit Døme lesa upp sidste Luten. Devegge-Hodne var eit tauvrat elder fortrollat Gullhorn, som ein Tjuv ein Gong vilde stela. Daa han var innkomen i Stova, dar dat stod, og treiv etter dat, høyrde han eitkvart ropa til seg:

„Tak Hodne," sa' dei, „aa me sko 'kji ire paa dæ, æ du Kar te beholde dæ."

„Dæ ska e væl," mejnt'en, „bærreſt e fyſt fær dæ," aa tok saa telaups mæ Hodne onde Ærme.

Men Hodne i Vægte tok tel,
jo længer dæ kom fraa Bore,
aa kvilte han se lite Bel,
dæ grodde fast i Jore,
saa, skulle han atte te gaa,
dæ va som aa skarka paa
ejn knuldrete Bjørketrærot,
der holdt i Bergje imot.

„Dæ maa væra greſkt Gull," tænkt'en, aa kom ſaa aalende ſvejt te Tjuvehaale ſit før dæ tok te ljøsne.

Men Naatte fek ejngaangen Slut;
daa ſaag'en ſe bedrigjen:
ejt raumaala Hodn taa ejn Stut,
mæ Masſejngring beſligjin,
ſto gapande paa has Bor;
daa banna'n fæle Or.
„Men," tænkt'n, „dæ duger enddaa
te Øl at drikke utaa."

Saa tok'en ejn Donk, aa ſlo ti;
men Tjuvgos drugar ikkji.
Te no kunn'en ſligji ti,
men inkje faat te drikje.
Dæ rann ſom ejn fruſande Bæk
ti Hodnes Djuphejt væk.
„Dæ Farian va daa!" 'en ſkrejk,
aa blej ſaa darrande blejk.

„Ja dæ va daa Farian!" ſa'en; aa ſkull ſo ſjaa n'i Hodne kos dæ hadde ſe. Daa va dæ ſom Hodne hadde drigji ſe ut rat n'i Midten paa Jore, aa ſom 'en ſkull ſet n'i ei Juv full taa Eldslaaga mæ hoppande Niſſar uti.

„Gu' gji e ælder hadde rørt dæ!" tænk'en. Detta Hodn vil nok væra der dæ va."

Han Hodne so tok i ejn Fart,
aa bar dæ trast atende.
Men alt som 'en vandra, saa vart
dæ Hodne lettar i Hænde.
Men daa han dæ satte saa ne,
af Stærtøl rann dæ full;
dæ glema paany som Gull,
men Fingradn brændte han se.

Aa slikt ejt Mærkji skull alle Tjuva have, som vaaga skjæma ut Hallingdal, om dej endda inkji ville gripe ette Deveggehodne.

Dat er soleides maugt, som tyder paa Hjartalengslen hjaa honom Vergeland etter dat folkelege og som syner kor hugteken han alt var vorden av dat nedervde Tungemaalet, som Bonden bar paa. Dat maatte vel laata heimelegt og lokkande syre hans lengtande norske Huglag, eit Huglag, som dan sidst utkomne Samningen av Brev etter honom ogso syner greide Merke paa. Soleides naar han i eit Brev til dan svenske Skalden Ridderstad talar um Teatret i Oslo og harmfull skriv:

„Du kan tro det er hyggeligt at høre Hakon Jarl og Sigurd Jorsalafar tale „Københaunsk". — Tænk dig som Svensk det samme med Birger af Bjälbo og Sigersälle Erik."

Hans Lengsel kjem ogso sterkt fram i eit Brev fraa 1840 til Fredrika Bremer, som hadde bedet honom um Emne til ein Teikning av dat norske Folkelivet. Av Brevet kann ein sjaa, at han tvilad fyre, at Folkesongen var so nær avtagnad og at her inkje meir fanst nokon ny Folkediktning; men dan Hugverk, som kjem fram hjaa honom ved denne Tanken, er kann henda dat beste Vitnemaalet um, at ingen meir en han vilde hava gjort Folkemaal og Folkediktning til Grunnvoll fyre dan aalmenne nationale Uppreising, soframt han berre hadde havt dei rike Uppkomor til at ausa or, som no strøyma so friske og fraudige ut yver alt Landet.

Etter at hava klagat sterkt yver at Folket inkje diktar, held han fram soleides:

„Jeg ræsonnerede mig til, at Folket havde formeget at bestille til at synge, og saaledes blev jeg nogenlunde tilfreds med min Utilfredshed. Dog — oprigtigt — den er som gammel Tandpine; har man engang havt den, saa værker det ved Erindringen derom — jeg kan ikke forsone mig med, at et lykkeligt Folk ikke skal synge og være poetisk i sit hele indre Liv, i sine Barnestuer, Brudestuer, Julestuer, Spindestuer, ved Væven, Sliulen, Plougen

og Seilet. Man iler nu med at fange nogle døende Sagn og Viser, som dog ere tusinde Gange mere indtagende paa en gammel Kones eller en Brudepiges eller en liden rødblommet Gjentunges Mund, end i et Skillingmagasins Stereotyper, eller i en elegant udstyret Sang- og Sagnsamling.

Jeg mener ikke med mine Beklager, at Folkesangen ganske er død; men man maa tilfjelds for at finde den, og da maa man forstaa Sproget, og det gjør man i Almindelighed ikke. Nordmændene have mere end andre Folk to Sprog, som kun vanskelig trænge ind i hinanden: Skriftsproget, som Folket tvinges at lære for Religionens Skyld, og som det forkaster, saasnart Trangen er forbi, og som det aldrig taler og allermindst synger i, og Talesproget, hvori de Dannede ikke trænge ind. — — — — — — — — —

— Folkesangene, saaledes som jeg kjender dem, nemlig forsaavidt de klinger i et forstaaeligt Tungemaal — i Bymuens Mund — disse tilgjængelige Folkesange ere slette i Form og Gehalt, uden Indflydelse paa Livskarakteren, uden Betydning for Beskueren.

Jeg faar i Korthed sige Dem, at jeg — og det er sagt med Smerte — ikke tør love Dem synderligt Bidrag til Folkets Sange. Det synger i det Hele ikke, dets egentlige Sange i dets eget Tungemaal ere saa ubekjendte som Gaelic og dets gjennem Skriftsproget indsmygede ere slette og udartede. — — — — — —

— — Jeg tror paa Menneskehedens evige Selvforyngen, og at Norge, naar det faar bygget og ryddet fra sig, og bliver gammelt i det Nye, vil igjen blive besøgt af sine blaaklædte Huldrer med Langeleiken i Hænderne. — O, hvad siger jeg! mit Folk har ikke Poesi, og i dette Øieblik toner en Halling fra Gaden, fra en omvandrende Spillemand i Skindbuxer og hvid Kufte. Denne eiendommelige vilde, rørende Musik er vor Nationalpoesi. Hvortil behøves Ord, naar ingen Normand, ihvor denationaliseret han end kan være, kan høre den uden med en Vexel af hjemlige Bemodsfølelser. — — — — — — —

— Men skulde en saa malende Musik være uden en ligesaa rig Folkepoesi? Nei, jeg tror den er til, men som sagt paa Høiderne og i Aftagende inden sine Sprogskranker. — En Skjald maatte gjennemvandre Norge forat opdage Sagn og Sange, men da maatte han ikke ligge i Præstegaardene. Kommer jeg paa Landet, skal jeg udrette noget. Ved et Tilfælde har jeg engang fremmanet en af disse Sange igjen. For nogle Aar siden hørte jeg en Søn af en Fjeldpræst i Studentersamfundet, legende paa en Violin, kvinkelere en Melodi, der tiltalte mig saa at jeg sprang op, spurgte: „hvad F — er det du spiller der? Om igjen! Hvor har du den fra? Syng den om du kan!" Og han kunde et Par Vers — jeg gjorde Laget opmærksom paa dem, og man lærte dem paastedet, Visen blev Favorit først

for Studenterne, og nu er den forlængst imellem Almuen igjen."

Denne Visa var „I Fjor gjætt' eg Geiti".

Me kunna tenkja oss kvat djup og fruktberande Gleda dan store Skalden skulde hava kjent, soframt han hadde havt Kunnskap um vaar noverande Rikdom paa Folkediktning. Hans Gleda skulde i Vissa voret lika so høg som hans „Smerte" var djup, syre di at Folkeharpa, etter so som han trudde, var næreaat sundersliti. Han endar dette merkelege Brevet til Fredrika Bremer soleides:

„Min egen Geist har mange Gange slaaet sit Hjerte af Oval over at være Poet og dog ikke at kunne være det. Utallige Poesier faa intet Tilvær. Ethvert sundt Øieblik afsøder en. Men jeg maa jage Ideerne bort som Slanger, der skyde mig over Veien, kvæle dem som Vandstraaler, der springe og som dog ikke kunne tæmmes. Det Sprog jeg skriver i læses ikke af vor Millions eller halvanden Millions $^1/_8$ Deel."

I Samband med denne hans Lengsel etter at kunna skriva i Folkssens Maal kunde dat høva at nemna ein annan Ting. Av dan same ovannemnde Brevsamningen faa me Kunnskap um, at Vergeland med all dan Glod, som var i hans varme Skalde-

hjarta, hadde kastat seg yver dan forvitnelege Saga hans Sigmund Brestesson og at han med dan djupaste Gleda og dan beste Von hadde gjevet seg i Ferd med at skapa eit stort Epos elder Heltekvæde av dette fagna Emnet. Han skriv til Laura i varme Ordalag um dan „Interesse og Lyst", som driv honom til at „ofre sin Aand i Arbeidet paa dette Epos". Men han kom inkje rett langt. Lassen upplyser oss um, at Vergeland heve skrapat ut Namnet sitt, som var skrivet under dat uferduge Skaldeverket, og at han sidan formad dat um til dat stutte, men makalause Kvædet „Et gammelnorsk Herresæde", som endar med dat ovfagre, tungsame Verset:

Ingen ved det; thi Slemmedegn
brændte Hallen og Aettens Sidste.
Bauten paa Høien har intet Tegn,
og Saga har glemt kvad hun vidste.

Hugverken, som læt igjenom desse Radom og som kjem fram i dan talande Gjerningen, at han skrapar ut sitt eiget Namn, tykjer eg tyder paa stor Sorg hjaa Skalden fyre di han inkje kunde faa fram dette Skaldeverket so som han vilde. Naar me dartil hugsa, kor hugsterk Vergeland var til at

driva fram dat, som han ein Gong hadde lagt heile Hugen sin paa, so lyt ein spyrja seg sjølv, kvat dat vel kunde vera, som lagde slike uvinnelege Hindringar i Vegen. Og daa treng dan Tanken seg inn paa deg: Tru dat inkje var Formi, som lagdest i Vegen og inkje vilde tøygja seg fyre Tanken? Tru inkje dan rette Kjendskapen til Landsmaalet, Ættarbarnet til Sagamaalet, skulde hava hjelpt Diktaren til at faa fram sitt store Skaldeverk? Detta maa me fulla tru, naar me kjenna kor hardla vel dette Maalet høver just til Eposet, som no synest vilja spila ein stor Rolle i dan norske Bokavlen. Eg kann inkje tvila paa, at dat vilde hjelpt baade honom og andre i liknande Tilfelle, til Dømes slike som Bjørnson, som no i mange Aar, alt fraa han var her i Bjørgvin fyre tolv Aar sidan, heve balat med sitt store Epos Arnljot Gjelline. Dette Verket skulde trulege hava seet Dagsens Ljos longo sidan, sofremt Bjørnson hadde voret før til at dikta paa Landsmaalet, som er Avkjømet etter dat Maalet, som baade Arnljot Gjelline og Sigmund Brestesson sjølve talad. Mang ein Skaldetanke er daud i Fødsla, og mang ein skal endaa døya hjaa dat norske Folket,

so lenge dess Skaldar skulo nøydast at syngja paa eit annat Maal en dat, som høyrer dat heile norske Folket til. Mang ein „Ide" laut fulla Vergeland av denne Orsak jaga burt, so som han sjølv segjer. Dat kunde mangt dragast fram or Verki hans, som skulde syna kor han balad og leitad etter norsk Form til at klæda sin Tanke i, men dat lyt vera nog syre i Kveld. Me ljota syre denne Gongen forlata vaar varme, truhjartad og ugløymande Skald. Hans kjære Minne er oss Vestmenner endaa kjærare syre di han var Maalmann. Professor Monrad heve ein Gong sagt so sant, at Vergeland er som eit ævenlegt uppfriskande Laug syre vaar Nationalkjensla og Fridomshug; giv at detta alltid maatte vera Tilfellet, so at Vantrui til seg sjølv aldri maatte faa Fotfeste i norske Hjarto. Daa ganga me i Fotfaret til Maalmannen Henrik Vergeland.

Fyre Dagen

Sungen i Vestmannalaget 17de Mai 1868.

Tone: Vårt land, vårt land, vårt fosterland.

Or myrke Nott dat fram seg skaut
ein Dag som ljose Sol,
burt kvarv alt myrkt og veikt og audt,
Liv spratt i alt, som fyrr var daudt,
og Fuglar song og Gauken gol,
for me fekk Fridoms Jol.

Daa Taara kvarv fraa Augat vaatt,
og Gleda strøymde fritt,
for Dagen rann or Trengselsnott,
med Liv, som Feder hadde aatt,
med Tankar og med Mannavit
fraa deim, som hadde stridt.

Difyr' me ſtinga Dagen fram
og tøma Horn og Staup
og ropa ut til Spott og Skam
deim, ſom vil ſkifta Lit og Ham,
og ſelja burt til Gjevekaup
dan Svaledogg, ſom draup.

Difyr' me lova kvar og ein,
ſom nemnaſt vil ein Kar,
at heidra vaare Fedra Bein,
at reiſa verdug Bautaſtein,
at vera norſke, ſom dei var,
i ſame Fotafar.

So ſpyrja me ei Storfolk daa,
um dei vil gjera Lag,
me fljuga ut paa Bylgja blaa
me rydja, byggja, ero ſmaa,
men ropa nøgd i Fred, i Slag:
„Heil deg, vaar Fridoms Dag!"

Kriſtofer Janſon.

Huldri.

Av Hans Mo.

Ja, Huldri er inkje greid at faa Tak paa! Det er som du skulde triva etter Skuggen. Men ho kjenner sine Folk. Til sume kjem ho sjølvbedi; andre kunna derimot aldri faa Sneven av henne. Det er paa Lag likſom med Rikdomen. Inkje ſo, at eg trur, at Huldrelukka og Pengelukka fylgjaſt aat. Soleides hever eg Armingen fenget ſtore Ting av Huldri; men eg hever ogſo lagt meg etter henne. Inkje juſt etter henne ſjølv; for daa hadde eg Vonom inkjevetta fenget, men etter Trui paa henne. Det er paa den Maaten eg hever røynt, at det er meſt raadlauſt med at leita upp Huldri. Fyrſt er det no den keidſame Tenarflokken hennar at koma framum, likſom i dei gamle Adalsgardarne. Som alle Storfolk lyt Huldri hava mange til at viſa Folk ifraa ſeg, maa vita. Riket hennar er helder

vidgjengt. Det er inkje at finna berre i dei myrkaste Fjell og i tronge Avdalar; ho berre „residerar" der. I Flatbygdom, der alt Slag er likſom flatare en til Fjells, Landslaget, Tungemaalet og eg hadde nær ſagt Folkeſkapet og, av di ein der helſt vil liggja flatt, der er Ovtrui ogſo likſom flatare, breidare og meir flaakjæftad. Huldri er likſom for væn i Grunndraget til detta. Ho kann Vonom inkje trivaſt i all den Fiſk og Fleſkematen og alle dei ſteikte Humpar. Ho ſender difyre Tenararne ſine ned i desſe Flatbygderna, ut paa Øyarne og inn i Byarne. Det er likſom naar Kraaka giv Ungarne ſine det, ho inkje ſjølv vil hava. Det er ſoleides ſlike Krek ſom „Mara", „Tuſſen" og „Tuftekallen", at Folk liggja og ala paa ſlike Stader. Likſom Huldri — Drotningi i dette Runeriket — ſo ero alle desſe, ſom eg nemnde, naturlegvis perſonlege Tilſkapingar elder Bilæte av Tankeſynerna hjaa Folket. Deira Tilvære (Exiſtens) kviler ſoleides paa ein diktad Grunn og ſkyt upp i den ſokallade Folkepoeſi. For inkje er det berre dei einſtake Menner, ſom ero Diktarar. Heile Folket er Diktar. Det, ſom kallaſt Poeſi, ligg inkje berre i dan einſtake Mannen, men kringum

honom og yver oss alle. At dikta er ikje at skapa Poesi, men at draga det fram i Ljoset, som heile Folket ber paa. Men ikje kvar ein er Mann til at draga so mykket av Poesi fram i Dagen, at han fær Diktarnamn; det er berre ein og annan. Men kvat ikje ein kann magta, det kann fleire, naar dei slaa seg i Hop. Naar heile Folket slær seg i Hop og ber fram nokot av den Poesi, som ligg yver oss alle, verd detta til ein Folkedikting. Men daa det er so mange um det, vil denne Slags Dikting verda helder uklaar, ein Slags babelsk Taarnbygning. Difyre kunna einstake Menner taka av dette uklaare og likſom fli um det, og berre slike Menner faa Diktarnamn. Folket hentar Ertsen fram or Berget; Diktaren reinskar honom. Men ikje alle Diktarar ero lika føre til at gjera detta helder. Difyre kjem det ein med Gull, ein annan med Sylv, og stundom er dat Kopar og Jarn og Tin og Bly og ikje det eingong, alt etter som det kjem meir elder mindre av den andlege Rikdomen elder Armodi hjaa Diktaren ned i Smeltedigelen. Det er kostelege Folk desse Diktararne, Folk, som ein lyt fara vel med. Difyre giva dei, som styra Rikskassa, Dik-

tarløn til den elder den Skalden, som dei best lika.

Men heile Folket med sin Dikting skal ogso vel medfaraſt. Dette Huldreſtellet er difyre nokot faarlegt Kram at verdſetja. Dertil er detta likſom den heile Dikting nokot, ſom Folket tek i Arv etter Forfedrom. Og alt ſlikt er djupt inngrott, ein Ting, ſom er vel verd at merka ſeg i vaar Tid, daa mange leggja ſeg um at vaſka ut alt det, ſom merker det ſereigne hjaa eit Folk liknat med andre, og gjera alle like. No er det mange derimot, ſom tru, at ſolenge Folket diktar, er det ogſo rikt, i andleg Meining. Det hever nokot at undraſt yver, nokot at røyna den andlege Spennkrafti paa. Huldr og ſlikt er juſt Mat det fyre eit Folk med Hug til at undra ſeg og løyſa Gaator.

Mangt og myket i denne Greini av vaar Folkedikting er no hardla veſall Koſt, ſom er ſo ulen, at det er inkje til at halda paa. Eg ſkal berre nemna „Mara", eit egte Flatbygdarkrek, ſom kleimer ſeg ned yver tungſvævde Folk og vil radt kjøva deim i Svevne. Her kunna dei nøyta ſeg, deſſe Folk, ſom plent vilja tyda alt Slag paa „naturlig

Maade". Dei vilja Vonom snart verda ferduge med slik ei Mararid og berre gjera henne til ei Uppdæming i Blodumlaupet; men vaar Folkedikting er lika rik kor som er. „Tussen" kunna dei fyre meg ogso gjerna strjuka med. Han gjerer berre Ugagn, held seg jamnaste hjaa Buskapen, som han syg Mergen or, og so vitskræmer han Budeiorna med Joladansen sin under Laavebrui, dan Fanten. Han styggjest likavel fyre Krossen paa Fjosdyri, kann ogso jagast med Tusseris. Det veks i Dottar paa gomol Bjørk mest likt eit Kraakereid.

Men um „Tuftekallen" veit eg inkje kvat eg skal segja, eg trur mest me vilja halda paa honom i lengste Laget. Det er nokot tekkjelegt med honom, naar han tuslar heima i Tunet, helst naar Karfolket er stad paa Fiske elder so. Han kann vera mest so god som ein maateleg Dreng daa, legg snart uppatter ein Stein, som er gloppen ut or Fjosmuren; dreg i Hop atter Veden, som Vinden bles ut yver Tunet; vaagar jamvel endaa eit Basketak med Jolareidi. Men hjaa sume Rikingar tykjer eg, at Tuftekallen er reint utifraa. Der skal han endaa hava Namnet „Gardsbonden", halda seg paa Loftet og i

Budi, der han gjæter alle Signaluterne, maa vita, ſtryk og kjæler med Sylvſtaup og gnikar Ruſt av gamalt Koparty og Pengar. Han likar inkje, at Framandfolk koma til Gards ſo ſeint aa Kveld, at ein er nøydd til at hyſa deim um Natti. Hava ſlike Folk endaa den Vanen at nidſtara paa Kiſtor og Skaap og ſlikt, fyrr dei leggja ſeg ned, ſo verd han galen, Gamlingen. Det er inkje ſjeldan han vil kaſta deim radt or Sengi og rydja Huſet, for det er Gut, ſom inkje er naamen i Knokom. Men det er ein faarleg Fant, naar han inkje likar Husbondsfolket ſitt. Daa kann han endaa ſtela Høy or Staalet og bera det inn i Fjoſet til Grannen, riva ned Ved og Bordſtoplar i Tunet og meir ſlikt.

Den vesle danſke „Niſſen" vil du ſjeldan raaka paa her til Lands, utan det ſkulde vera hjaa Folk, ſom ero ſo „dannede", at dei inkje tola høyra ſlike „bondeagtige" Ord ſom „Tuftekall". At det er den ſame Skjepna, veit eg vel; men naar han inkje vil heita „Tuftekallen", ſo viſar eg honom ned i dei danſke Kaalhagarne. For ſolenge han ber ſitt norſke Namn, er han paa ein og ſame Tid ein ſløg, djuptenkt, hardbalen og ſkalklyndt Kropp, men naar han

skal hava det danske Namnet, er han vorden til ein smellfeit Fant i Pikluva, stutt og tjukk og mangmaalug.

Men eg kjenner ein annan Kar, som er meir skandinavisk, um du so vil, og heiter paa Dansk „Nøkken", paa Svensk „Necken", men som paa Norsk lika so ofta heiter „Elvarkallen" som Nykken. Sume norske Bokmenner, som fara med so mykt Snakk um „Nøkken" og „Nøkkens Sang i Dybet", tykja visst detta er det mest nationale. Eg tykjer at det er vel so nationalt at sjaa paa „Elvarkallen" og lyda paa Spelet hans. Elvarkallen! Det er so fulltonande norskt og greidt, at berre naar Namnet læt, synest ein sjaa honom sitjande paa ein Stein midt i Elvi og sola seg elder ujosna etter Kvende. Me hava og ein liten svart Fugl, drivande kvit i Brjostet, som nemnest Elvarkallen, hjaa oss paa Sunnmøre „Fossekallen"; men dei norske Gjentorna vita vel at skilja millom Fuglen og den andre Elvarkallen. Han er endaa meir norsk i Grunndraget en Tuftekallen og mykt meir poetisk. Den Folkekjensla, som er Skaparen hans, er tvillaust Elskhugen. Du kann lita paa, at der du høyrer Elvarkallen gjetet, er det Elsk-

hugen, som er raadande. Men likſom denne Kjenſla hjaa Landsfolket fer fram med Bljugſkap og ſkal gøymaſt og iklædaſt ein Løyndoms-Bunad, ſoleides er Elvarkallen ogſo hardla vand at finna. Naar nokre av vaare eigne ſmaklauſe Komediſkrivarar lata dei norſke Bondegjentorna fria ſjølve og ſegja til Guten: „Vil du hava meg, ſo vil eg hava deg," ſo er det ſom han ſagde Mannen: „Der traff du det!" Bikkja beit honom i Trefoten. Nei, det norſke Folkelyndet veit vel at løyna Elſken ſin, ſo han er meſt lika vond at koma paa Faret etter ſom Elvarkallen. Men den Skalken kann lirka fint, han. Stig han upp or Elvi, kann han ſmjuga ſom ein Røyk under Lauvet og ſjaa ſeg um etter eikor Raad til at faa ſvala den brennande Elſken ſin; for han er ſo myket fælt elſken av ſeg, maa vita. Men paa Land er han helder illa komen, med di han der inkje hever nokot Midel til at lokka aat ſeg det elſkande Kvendet med. Men det hever han i Vatnet i det Tot og den Dur, ſom ſtig upp av ein Foſs. Er han berre ſo heppen daa, at Gjenta tuſlar ſeg burt aat Elvartromen og tek til at ſtara ned i dei djupe Hyljarne, ſo ſkundar Fanten ſeg, ſtøyper ſeg til Botnar

etter Gullharpa, fløyter seg upp atter i Vatsmaalet, klimprar paa Strengen og syng attaat so smeikjande fint og mjukt, at det hitar henne reint upp. So lyt ho ned og svala seg med ein Drykk av det kalde Fjellvatnet, og so fær Fanten seg ein Kyss.

Det kann synast vera undarlegt at strjuka so langt med Folketankarne paa dette Leitet, alt um andre ganga endaa lengre. Den danske Diktaren Baggesen hever skrivet ei Romance um „Agnethe fraa Holmegaard". Ho fer til Botnar med Nøkken, endaa ho er gift, held seg der i nokre Aar, trur eg, og gløymer baade Born og Mann, av di ho inkje elskade honom. Men Diktaren hever fulla Rett til detta. Han maa draga fram dei Tankebilæte, som han tykjest vera viss um kunna høva med Tankesynerna og Lyndet hjaa Folket. Men at gjera detta so det raakar, so Folket kjenner Tankarne og Kjenslorna sine atter i det, er fulla inkje so greidt. Det er inkje det, som liver berre hjaa Diktaren sjølv, men i Folket, han her skal draga fram i Ljoset. Detta er serlegt Tilfellet med det, som kallast den lyriske Dikting. Ei god Hjelp her vil Skalden alltid hava i Folkeheimen og Naturi. Det er tvillaust so,

at hjaa Folk, som liva i den storskorne og romantiske Landskapen, finst det ein rikare og djervare Folkedikting en hjaa Folk, som bu paa Flatlandet. Ein skal difyre inkje vera for snøgg med at driva Diktaren fyre Ljugar, um ein inkje so nett tykjest kjenna seg atter i Teikningarne hans. Det, som inkje raakar ein, kann raaka ein annan; det, som inkje høver paa Flatbygdingen, kann høva paa Fjellbuen. Folket paa Dyar og Slettor kann soleides visst inkje kjenna stort til „Gasten"; men til Fjells er han velkjend. Der hava dei endaa fleire Utgaavor av honom. Det er Fjellgast og Skogagast og Deildegast. Han er so illvoren og vond, stygge Trollet, og naar han slær ut med Kaldlaatten sin, som det skulde vera Hestekuegging, kann ein tru, det rivnar i Nutom. Han er fælt sterk, so det skal traust Gut til, fyrr det heiter, at han tek eit „Gasta-Tak".

Av Dvergom er det visstnog inkje atter meir en „Maalet" deira. Dei budde langt inn i Bergom fyrr i Tidi. Det var eit Kunstfolk, som var hævt med allslags Smidarbeid. Naar Staalet hadde fenget Herdsla i Elden deira, skar det Steinen nett som Kaal. Og naar dei stodo i Tusundtal ikring Stedi,

kann ein vita kor dei laut ropa til kvarandre, naar det skulde høyraſt yver Hamarſlagi. Paa den Viſi var det vandelauſt at høyra Dvergmaalet fyre Folket i Dalen! Soleides maa det visſt hanga i Hop, at Ljomen elder Atterſvaret paa eit Rop elder ein Tone millom Fjellom heiter „Dvergmaal".

Men med ſjølve Huldri til Emne er denne Folkedikting den meſt forvitnelege likavel. Ho er, ſom ſagt, Drotningi elder Mor ſjølv fyre alle hine, ſom eg laut taka med likſom fyre Samanlikнings Skuld. Ho er likſom til Helgarbruk og ſyner ſeg berre fyre ein elder annan av Folket, ſom ho hever huglagt elder vil ſkræma. Det er meſt Ungdomen ho kjærer ſeg um og ſom ho vitjar og ſmaaſvallar med mangein Gong. Kor ſom er kann ingen ſo greidt ſegja, at ſo elder ſo ſer ho ut. Nei, ho er ſo ſløg til at taka Skap av kvar den Ting, ſom Ungdomen grunnar paa. Men i Ungdomstidi er det no tvo Ting, ſom likſom vilja vera fremſt i Tankeſtrævet, og det er Lyſt til Heidr og Æra og Trongen til at elſka. Og ſo er no Tanken ſo fljugande, Hugen ſo heit daa. Guten og Gjenta tykja det er ilt at ein inkje kann uppliva ſine Hugſyn.

Ungdomen er attaat so braadhasten, Stakkar, han vil helst uppliva det samstundes som det renn i Hugen. Men det vil inkje lata seg gjera paa naturleg Maate, maa vita. So skapar han ei Huldreframsyning. Elles er no Gjenta den, som vaar Folkedikting mest brukar i si Teikning av Huldrehaatten. Ho er mest høveleg ogso til det, er veikare en Guten og Vonom lettare kvorvi inn i slik ei Draumsyn. Naar ho tuslar etter Buskapen sin i tjukke Lauvskogen, naar Fossen ljomar i Nærleiken, Fuglarne syngja med ymse Lætor, Bjøllorna klinga, og det heile kjem atter med Svar fraa alle Fjellveggjer, daa maa det vel riva med seg eit ungt mjukt Hjarta. Naar Sumardagen er heit og Soli glimar paa Fjellvatnet, so det skjer i Augo, er det snøgt gjort at lyfta Syni upp etter Fjellsida og verda var nokot undarlegt der høgt upp i ei Glenna. Men kvat er det? Ja, du kann so segja! Det er mest kvat du vil, — ein Eld, ein Røyk, ein Skugge, ei gomol Kona, elder naar du ser betre aat, — ei Ungmøy med Raudstakk og Sylvkruna og alt det andre, som høyrer til ei velprydd Brud. Og seinare, naar denne Gjenta fær seg Hus og Gard og eigen Buskap,

naar Kui dreg helder skrinn og vesall til Fjells um Vaaren, men kjem feit og slikjande heim atter um Hausten, daa kann det vel henda, ho hever havt utmerkt Røkt den Sumaren, elder det som betre er: inkje er det same Beistet. Huldri kann finna paa at byta fraa seg ei Ku so einkvar Gongen, maa vita; og det er Kona, kann du tru, som hever utmerkt Feslag. Berre „fullblods" alt i Hop. Ho vilde nog draga av med alle dei Staup og Sylvskeider, som til var, det Trollet, berre ho vilde „indstille" seg til Fesjaa. Men ho lætst inkje sjaa, Vonom av eitslags Byrdnad fyre deim, som „tage sig af Distriktet"!

Den, som hever Hjartelag og Vit til at stella seg so med Landsfolket, at det inkje trur um honom, at han er gjengen ut paa at svivyrda, men læra Tenkemaaten hjaa Folket at kjenna, han vil finna, at denne Huldretrui er baade djupt inngrodd og den Sida av Diktingi, som Folket inkje beint vil skjemta med. Merkjelegt er det ogso, kvat Byrdsemd og naturleg Finleike Bonden veit at syna fram, um du berre kann faa honom til at fortelja um sovorne Ting. Du vil sjeldan høyra Huldri avmaalad med Kurova. Detta, som Vonom skal vera eit Merke

paa det ukristnade Grunndraget hjaa Huldri, er tvillaust av det Slag, som støyter det kvasse Krav, som Folket hever til det tekkelege. Men med dette sitt naturlege gode Vit skulde ein tru, at Folket ogso var i Stand til at riva seg laust fraa allslags Ovtru og umogelegt „Væsen". Javisst kann Folket reflektera yver det. Men fyre di um det daa syner seg at vera urimelegt, verd det inkje vandat av Folkediktingi. Ein skal helder inkje gløyma, at vaart Folk ferdast upp i den strenge, storslegne Naturi. Av harde Fjellet vil alltid standa likssom ein Age, som legg seg tung og kjøvande yver Hugen, og daa er det, at det andlege Livet med sine Tankebilæte freistar at treda likssom sonande inn imillom Folket og den harde Bustaden og at mildna Naturi med Tonarne av Huldrelokk og Langeleik.

Og av di at vaare Straumar
er so fagre, djupe, blaa,
vogga dei ofs inn i Draumar,
so eit Liv me i deim sjaa.
Og av di vaart norske Hjarta
slær med slike norske Slag,
sjølv or Berg og Nutar svarte
kjenna me eit Livsens Drag.

Helsing aat Kvendi

dan fyrste Kvelden dei vaaro med i Vestmannalaget.

Me lika godt, naar vaare Kvende koka Mat
og fjelga Stova vaar og reinska Kopp og Fat.
Me takksam' er, naar dei vaar slitne Kufta bøta
og naar aat oss dei mjuke, varme Sokkar spøta.

Alt slikt er ogso god og skapleg Kvendegjerd.
Men Kvendi vardt til Fylgja skapt paa all vaar Ferd.
Dat difyr vardt ei hardla rang og usann Læra,
at bert paa Naal og Kost og Tvora ho skal bera.

Nei, i vaart Tankeliv skal ho just vera med.
Dat høver og so godt med gamall Nordmannsseð,
at Kvendi vaare baade gjenom Helg og Yrkje
fær vera med i Mannsens beste Tanka-Byrkje.

Paa hennar milde Augnalag ein og kann sjaa,
at meire hugvarm Lagsmann kann me aldri faa.
Med Kvendi kjem her Ljos og Solskin inn i Salen,
som Hjartat varma skal og leggja Glod i Talen.

Difyr me bidja dykker ein og annan Gong
herinne lyda paa vaar Tale og vaar Song.
Ei just med di de her skal nokot høgt faa læra,
men me ei utan dykkar Samhug kunna vera.

Ja de oss kvessa skal at bruka all vaar Dug.
Og naar so Kvendi signer med sin varme Hug,
daa skal med Gjerdi vaar me ogso Framgang finna,
so stødt Vestmanna-Laget kann til Maalet vinna.

Henrik Krohn.

Freistnadar med ei aaltydeleg Utgreiding av Naturvitenskaparne.

(Or „Das Ausland".)

Vaa dat fyre hundrad Aar sidan vardt Sedvane at senda Sjofolk ut paa Jordumsigling, og dei paa denne Maaten funno nya Dyar og nya Folkeferder, daa vaaro Matrosar, Offiserar og Lærde vane at leggja Mark paa, forleides dat vilde taka desse Naturborni, naar dei fyrste Gongen fingo sjaa dei undarlege Ting, som Europearne hadde funnet upp. Men jamlege vordo dei narrade fyre dat Gaman, som dei hadde ventat seg, for dei ville Folki anten vyrde slett ikkje dat, dei saago, elder dei heldo seg til Jaalety og Leikor, so som smaae Speglar, elder dei toko til at nykkja i Haarpiskarne til dei undarlege nye Mannaskapnadar, elder dei vilde hava

deim til at fara or Kufta og Skyrta, so dei kunde faa Greida paa, um dei hadde same Liten paa Kroppen som i Andlitet. Alt etter som no dei svarte elder brune Villmennerne hadde voret meir elder mindre forvitne, vordo dei tillagde ei meir elder mindre syrgjeleg andleg Armod. Men hava me ikkje nog av slike Villmenner i vaart eiget Sellskap? Imedan dat paa alle andre Raaderom fyre dan menneskjelege Gransknings hever voret anten berre eit seint Framstig, elder Tanken hever gjenget i Ring um ein serskild Flekk, so hever Skynet paa Naturi og Kjendskapen til hennar Emne og Krafter vakset so fljott, at dat no er vordet helder tungført, alltid at tileigna seg dat nyaste. Kor litet er ikkje Talet paa deim, som, naar dei fara paa Jarnvegen, hava ein klaar Tanke um kvat Kraft dat er, som driv deim fram! Kor faae er dat ikkje, som, naar dei faa eit Telegram elder senda eit av, hava dat greidt inne, med kvat Midel dat er, som Tanken her hever gjort seg til Herre yver Rom og Tid! Naar Bønderne ikkje paa Flekken taka etter dei nye Skipnadarne fyre eit strengt Jordbruk, av di dei helst vilja sjaa manga Røynslor fyrr en dei kjenna seg trygge paa, at dat

nye, som jamlegt ogso er dat dyraste, vil giva deim ein støre Vinning, — so verda me helder illske mot desse seinvorne Traaingarne; men kor trege ero ikkje ogso dei dannade til at sjaa seg um i Raaderomet til dan strenge Vitendi, just dei, som imillom femtan og tjugo Aars Aldren yversette Homer og kunde lesa Horaz, men no fyre longo sidan hava kastat dei gamle i Haug med annat gamalt Jarnskrap! Me liva i ei myket stor Tid, i ei Tid av dei kostlegaste Uppfinningar, so som ho inkje hever voret sidan Kepler og Galilei livde; men kor faae er dat ikkje likavel, som hava nokon Tanke um denne Storleiken; kor faae er dat ikkje, som liva med Skynsemd i denne store Tidi! Dat finst eit Raaderom, som fyrrmeir syntest liggja reint einstaka og utilgjengelegt fyre dan strenge Granskningi, me meina Raaderomet fyre Kjendskapen til Menneskja sjølv, og dette Raaderomet hever Naturvitenskapen i dei sidstlidne tjugo elder tio Aarom nærrat seg aat og tildeils alt stiget inn paa. So langt ero me alt komne, at jamvel Filosofarne sjaa seg nøydde til at studera Fysik og Fysiologi. Dat, som dei fyrr kallade Psykologi, synest oss no (i minsto tildeils) som ei terra incognita,

ein ukjend Heim fyre Fysiologi og Biologi, elder Læra um Livet i Naturi. At koma til Røynskap um dat, som vedkjem os sjølve, og ikkje berre gjeta ofs nokot til elder spegla dat fyre ofs, dat tru me skulde kveikja upp Anden paa kvar ein, som ikkje er reint nedsokken i Livsens Gledor.

Paa dan sidste tydske Naturgranskarstemna talade Helmholtz dat djupe Ordet, at me ingi sanselege Røynslor hava av Kropparne, men berre av Krafterna. Lika so litet som Ordet Bord uppklaarar dat minste av kvat eit Bord er, so tala ogso Kropparne til ofs lika som i Siffer elder Teikn, men desse Siffer ero nog fyre vaar menneskjelege Tarv, lika som Ordet Bord er nog til at me skyna kvarandre, naar me tala um ein Ting, som ber dette Namnet. Hi djupe Sanning, som samstundes verd skynad av kvar naturvitenskapleg dannad Mann, hever i Bissa laatet som ei Gaata elder ei Tankevrengsla fyre minst nittan av tjugo av dei sokallade dannade. Men til at denne Sanningi kann vera skynande fyre Leikmannen, so lyt han fyrst vita, at han ikkje ser Kropparne, men berre Ljosstraalarne, som dei senda aat ofs; han lyt kunna greida ut, kvar ifraa desse

Ljosstraalarne koma, korleides dei verda sunderlimade, innsogne, atterkastade, brotne og skilde; han lyt vita, at desse Ljosstraalarne ero berre Bylgjor, som gjera, at ein fær ein Kitling paa Nethudi aat Augat og ei Kjensla av Nervarne, og at alt sidstpaa er til Endes med denne Kitlingen.

Dat, som hjaa oss Tydskarar*) verd kallat Dannelse, er mest berre av belletristiskt Slag. Med all dan store Vyrdnad fyre Kunsten, maa me likavel ganga ved, at dan, som berre søkkjer seg ned i Njotingi av honom, han søkjer ei Moro, som i Bissa kann vera rettkomi, men berre so vida som dat er rett at taka seg ei skjemtarfull Kvild. Dartil krev Belletristiken ein viss Alder. Kvinnfolk kunna fulla lesa Romaner til dei verda ovgamle, men ein Karlmann, som er komen til full Alder og ikkje attaat Romanlesnaden veit at tileigna seg nokot betre og fyre Mannen høvelegare, han synest oss vera so

*) Dei Tankar, som i denne Bokttilhyssingi verda uttalade av ein tydsk Mann um korleides dat stend til med Kjendskapen til Naturvitenskaparne hjaa dan tydske Almenningen og korleides han skipar seg med Kunnskap og Vitend i dat heile, høva visst vel so godt paa dan sokallade dannade Almenningen her heima i Noreg.

Yvers.

andleg tom, at me tykja dat er reint harmelegt, so framt han ikkje paa dan ferske Bokvara berre øyder nokra Stunder, som elles vilde vera burtkastade. Dan store Napoleon gjorde so, naar han sat i Vogni paa sina Ferder; men so snøgt som Romanen var til Endes, opnade han Glaset og kastade Boki ut til ein lukkeleg Finnar. Gøthe, daa han vardt gamall, hadde stor Hugnad av at leggja Vinn paa Optik, Botanik og Anatomi, so han skapte ei ny Tid fyre tvo av desse Vitenskapsgreinom og vardt til myket Gagn fyre dan tridje. Han vyrde sine naturvitenskaplege Arbeid myket meir en sine Skaldeverk. Ein lyt smila aat detta, men inkje vilde me smila, um han hadde vyrdt deim jamhøgt baade tvau.

Skuldi fyre, at dei „dannade" i Tydskland anten ero beint fram Faakunningar elder hava einsidelege forgravet seg i ei myrk Vitenskapsgrein, denne Skuldi ligg hjaa dei tydske Lærde sjølve. Thomas Buckle hever sagt med retto, at dat bid ikkje hjaa nokon moderne Landslyd so myket lærdt Prestedøme og Kastedøme som hjaa Tydskarom. Ingen Stad so som hjaa deim finn ein hjaa dan einskilde so myki djup Vitend, ingen Stad hjaa Aalmennin-

gen eit so djupt Faavit. Ein Skapning, slik som Engellendingen kallar the general reader (dan aalmenne Lesaren), bid dat inkje hjaa oss. Slikt som gjeng utanum at skyna ei politisk Avisa elder ein Roman, finst dat inkje fyre dan dannade Aalmenningen. Dat kjem seg av di, at dei Lærde sjølve til ein Skjold fyre deira eigen prestlege Byrdnad lika at svøypa seg inn i Myrkjet av eit kunsthøvelegt og ufolkelegt Maalføre, ja dei gjera dat rett med Vilje, deils av Høgferd til at hengja ei Ljossky um deira ofta reint daglegdagse Tankar, deils av Svivyrding mot deim, som vanta Forkunnskaparne. Slik sjølvklok Skulemeistervis kjenner Briten inkje. Han vil vera skynad, skynad av kvar ein vyrdande Mann, kven dat so er. Me sjaa difyre, at Menner med uforgjengeleg Frægd og ovundande Verdleike, slike som Sabine, Tyndall, Sir John Herschel, Fairbairn, Sir Charles Lyell, Faraday, dei trengja seg og trengde seg til Fyrelesningar fyre Aalmenningen, og paa dan Maaten vitnade dei um, at dat er lika so verdfullt at gjera dei fundne Sanningarne til Aalmenningseigedom som at finna nya Sanningar. Endaa lenger ero Franskmennerne komne i dan Maaten

som dei halda sine Fyrelesningar paa. Franskmannen vilde halda kvar dan, som talade til honom paa dat lærde Skoddemaalet, fyre eit Narr, og dat med fullkomen Rett. Ein Franskmann veit fullvel, at dat skortar Tilhøyraren paa Forkunnskapar til at fata rettelege dat, som han vil segja; men so hjelper han med stort Tekkje paa desse Forkunnskaparne, ikkje paa turr Skulemeistervis, men ofta med skjemtarfulla Vendingar, so at dat ser ut likasom han paa sokratisk Læremaate vilde berre ruska upp i eit blundande Tankeliv og føra til klaar Vedkjenning nokot, som Tilhøyraren alt visste, paa same Tid som han lætst retta seg sjølv og freistar paa at uppklaara sine Setningar. I dat heile verd dat berre talat Fransk til at Franskmenner skulo skyna dat, medan dat lærdtydske er til fyre di at Herketydskaren inkje skal skyna dat.

Gud skje Lov, kunna me segja, at dat var so. Dat hever no rettat myket paa seg, men Umboti kjem alt for seint fyre dan Slægt, som no er nokot til Aars. Dat finst endaa myket lærdt Prestedøme imillom oss, men dat verd alt no Sedvane at stræva etter at vera klaar og greid og paa ein fin Maate at

hjelpa paa Forkunnskaparne, naar dat tarvst. Og alt dat naturvitenskaplege læt seg i Vissa føra fram paa ein lettskynande Maate, med Undantak av dei Uppgaavor, som med sine Prov leida inn paa Raaderomet til dan høgre Matematiken. Nokot tilkomne Folk vilja knapt umaka seg med endaa ein Gong at sitja og vrida seg paa Skulebenken, men so hava dei no ei god Hjelp i dei Freistnadar, som verda gjorde av kringfarande Fysikarar. Dan, som inkje hever betre Tilføre til at sjaa slike Freistnadar elder til at gjera deim sjølv, han skulde aldri gløyma at høyra desse Fyrelesningarne, for alltid føra desse Handverkslærde eitkvart nytt med seg. Um endaa deira Utgreidingar ero ofta helder uklaare og jamvel falske, so ganga desse Folki stundom med sitt gode Handalag framum dan rette Lærde. Dat er sjeldan, at Freistnadarne mislukkast fyre slike, av di dei slett ikkje tora lata deim mislukkast, medan dei ofta ganga i Mist i Læresalen, dar dat ligg mindre Lag paa, um dei, som høyra paa, verda utoluge, og dar dan gode Viljen til Fyrelesaren ofta lyt treda i Staden fyre dat, som ein hadde ventat at faa sjaa. Men endaa betre vilde dat vera, naar Kunstmannen ikkje kom med sine Freistnadar paa

ei ukvæm Tid, men so ofta med bad honom til os i ei Fristund, og naar hans Utgreidingar ikkje berre vaaro lettskynande, men ogso gløgge og aalitande. Ein slik Mann var dat just me skulde bruka, ein, som alltid var til vaar Teneste; men vilde ikkje detta vera berre ein Draum?

Nei, dat er nokot meir en ein Draum. Flestalle fysikalske Freistnadar lata seg attergiva med Treskurd, andre med Fargetrykk. Detta hava dei ogso gjort ein Freistnad med i ein Samning av lettskynande og udyra Utgaavor um Naturkrafterna av Menner, som ero velkjende fyre at vera dugande i sine Vitenskapsgreiner. Dat er til dessa utkomet try Bind, dar dat verd talat um dei Krafter, som koma fram i bylgjeformade Røringar.*) Forfattararne venta ikkje nokon Forkunnskap,

*) Die Naturkräfte, eine naturwissenschaftliche Volksbibliothek. München. Rudolf August Oldenbourg. 1869. 1870. Fyrste Bindet: Radau, Die Lehre vom Schall, mit 114 Holzschnitten. Andre Bindet: Pisko, Licht und Farbe, mit 130 Illustrationen. Tridje Bindet: Cazin, die Wärme, herausgegeben von Prof. Dr. Phil. Carl, mit 92 Illustrationen. (Kvart Bind kostar 24 Groschen = 64 Skilling.)

Me skulo i eit komande Hefte av „Fraa

og deira Framflutningar kann ein fylgja utan Hovdabrot. Ja, dei taka seg jamvel til at koma uvart yver tankeville Lesarar, i di dei vekkja deira Forvitna med dat sokallade underfulle. Dei ymse Andesyn og Tryllingar i gamle Dagar verda framsette ved historiske Fortelnadar, og i di dei verda utgreidde fyre dan nyfikne Lesaren, verd dat paa same Tid framsett dei fyrste Grunnsetningarne i Optiken; sidstpaa koma Utgreidingarne av dei meir tungføre Uppgaavorna. Boki um Varmen feller seg ogso i Hop med Læra um Optiken. Dat er tvo Uppfinningar i Nyetidi, som dan noverande fullvaksne Slægti inkje kunde høyra nokot um i Ungdomen, og dat er Stereoskopet og Spektroskopet; desse verda her utgreidde paa ein lettskynande Maate, og Leikmannen kann med detta yvervitna seg um, at alt gjeng rett til og at Samanlekkingi av dei fleste Fyrekomorna kann gjelda fyre visst utfunni og verda greidt framsett. Forfattararne bruka dan gilde Læremaaten, at dei giva ein kort Grunnteikning av Framkoma av alle fysi-

---

By og Bygd" taka upp til ein Prøve sumt av desse gilde Verki.

kalske Uppfinningar. Denne Aatferdi likjeſt dei gilde Fraaſegnom hans Homer. Dat vilde i Viſſa vera leidſamt, um denne Skalden hadde likaſom av ei Liſta talt upp fyre oſs kvar ein prydeleg Ting, ſom fanſt paa dan alt ferduge Skjolden hans Akilles. Men naar Ilias-Songaren fører oſs inn i Verkſtaden til Kunſtguden, og Meiſterverket ſmaatt um Senn verd hamrat og ſtøypt fyre vaare Augo, daa fegnaſt me ſamtides baade av dat framkomande og av dat framkomne. Og Uppfinningi av ei Sanning elder av ei Log, dei gamle Vandarne fyre dat rette Skynet, dei forlatlege vrange Meiningarne og deira Uppklaaring ſmaatt um Senn — alt detta fær endaa ein Gong dan heile Utgreidingsgangen aat ein Tanke til at ſviva framum vaare Augo. Framgangen av Sanningi verd her hiſtoriſk framſett, og ved Enden ſjaa me dat menneſkjelege Vitet ganga fram med Sigren. Dat, ſom me no hava ſagt, gjeld ogſo fyre Boki um Ljomen elder Klangen. Ein Muſikant, ſom ikkje hever ſo myket Skyn, ſom dat verd gjevet i deſſe Fyrelesningom, han likjeſt Bonden, ſom dyrkar ſi Jord ſo ſom Faderen hans hever gjort dat og fyre di Faderen hever gjort dat ſo, utan at gjera ſeg

nokor Greida paa, kvifyre han gjorde dat so, um ogso dan hevdade Vanen var dan beste og vitugaste. Paa Raaderomet til Klangen er dat mest dei fagre Ransakningarne hans Helmholtz, som ero nye fyre dan til Aars komne Leikmannsslægti i vaare Dagar. Etter desse Ransakningar er Manns-Dyrat vordet Fyremaalet fyre glødande Undring, og hans makalause Arbeid synast just fyre dei kunnande ikkje berre som nokot, som fyrr var reint utenkt, men som nokot, som med sin Storleike maa inngiva oss dan djupaste Undring.

Gjerna ynskte me, at dan tydske Aalmenningen snøgt vilde gripa tit dette letttilgjengelege Lærdomsmidlet, so at Folk med kvesst Vit paa Fyrekomorna i Naturi kunde vinna dan Kunnskapsmengd, som er vordi reint umissande, naar ikkje dan sokallade dannade vil ganga som ein bljug Styving og trivla seg fyre midt imillom tekniske og vitenskaplege Under. Kvat me so taka oss til, so møta me alle Stader Naturvitenskaparne. Teologen, soframt han inkje vil syna openbert si Faakunna elder beint fram bera ut vrange Meiningar, kann inkje meir tala med um Skapningen, utan han hever

gjort seg kjend med Stiget av dei vitenskaplege Uppfinningarne. Filosofen lyt framfyre alle Ting høyra Fysiologi, som atter inkje er skynande utan Kunnskap um Naturkrafterna. Driftsmannen, Bygdarformannen, Stortingsmannen, Embættesmannen kann fyrr han veit Ordet av koma upp i Maalemne, dar dat er Torv til naturvitenskapleg Kunnskap. Er han i Skort paa honom, so lyt han skamfull strika Seglet og tru paa kvart eit Paastand av dan meir kunnande. Stutt sagt, dat gjeng inkje lenger paa dan gamle Maaten; anten lyt ein sleppa Kravet paa Dannelse, elder ein lyt gjera nokot meir en lesa berre Avisor og Romaner.

Heimbygdi.

Eg minnest ei Grend millom høge Fjell -
med Lauvskog paa alle Sidor;
der digraste Fossen i Djupet fell
og laugar dei grøne Lider
med rjukande Driv
og Skumdottar hiv
mot Blomster og Blad. I den Guten er Liv.

I Fjelli er Hamrar, Nutar og Svad,
det gjenger paa Liv og Daude;
dei eldgamle Topparne standa i Rad
so sterke og byrge og snaude;
ikring deim som Fjom
fyk Snjoen, men Blom
i Liderna blømer paa alle Rom.

Der Kulden er drjug, og Telen er fein
um Vaaren or Marki at røma;
men brydder fyrst Graset kring Tuva og Stein,
og byrjar fyrst Heggen at bløma,
det vaknar eit Liv
i Heimen, eit Liv,
som aldri eg gløymer kvarhelst eg so sviv.

Til Arbeidet triva baad' Mann daa og Møy,
og Gjentorna kappast med Gutom,
det ringlar med Bjøllor, Buhundarne gøy,
og Dvergmaalet svarar fraa Nutom; —
eg hugsar kvar Stad,
kvar Stein og kvart Svad;
meg Minni kann grøta, men og gjera glad.

Og heima der brukast mitt norske Maal
so frisk som i gamle Dagar,
daa Ragnvald, Jarlen paa Møre bar Staal
paa Haaret hans Harald Haarfager;
der eiger det Klong
i Segn og i Song,
ja, trengjer seg vel inn i Kyrkja ein Gong.

Eg grant tykjeſt ſkoda den heile Grend,
vaar Gard og ſo alle hine;
i Tunet ei gomol Stova der ſtend,
Ibuarne kallar eg mine;
ifraa deim ſom Gut
eg flakkade ut,
men atter dei ſaato med Sorg og med Sut.

Eg var der ein Sumaren, kom didt ein Dag,
det var ſo ei Vika fyr Slaatten.
Alt møtte meg velkjent med heimelegt Lag;
med Songen den ſame og Laatten
kom Kjenningar fram, —
nemn inkje mi Skam —
i Taaror eg kjende at Augo dei ſvam.

Men aldri ſo fær du meir fagnadſam Kveld
en den, daa du Heimen kann vitja,
der alle vil vita, um rett du er ſæl,
og kvar vil deg nærmaſte ſitja; —
um enn du er glad
i framande Stad,
han verder daa likſom eit bleikare Blad.

Ja, „burte er bra, men heime er beſt",
det er no den aalgamle Laaten,
der tykte eg og, det var Innehald meſt
i Gleda ſom ogſo i Graaten.
I all denne Sveim
og framande Eim
eg gløymer daa aldri min Barnaheim.

Hans Wo.

Fyre Fedralandet.

(Tale i Laget paa dan 27de Auguſt 1869 av Kriſtofer Janſon).

Eg hadde i Kveld Hug til at bera fram ei Skaal fyre Fedralandet. Det er vel ingen Tanke, ſom ſoleides kann binda Folk iſaman ſom Fedralandstanken, binda iſaman Folk med dei meſt ferſkilde Syn, Maalſtrævarar og Inkje-Maalſtrævarar, Storkarlar og Arbeidsmenner. Naar me ſyngja „Ja vi elſke dette Landet" elder: „Dei vil alltid klaga og kyta", ſo er det meir en dei fagre Ord og Tankar i Songen, ſom kveikjer Eld i Hugen; det er detta at Diktaren ſpilar paa ein Hjartaſtreng, ſom maa laata i kvar Manns Brjoſt, jamvel i det meſt kalde og dyriſke, for jamvel Dyret elſkar Hola ſi, og Fuglen Reidet ſitt. Federne vaare ſong ſeg varme og glade paa dei knaſande Nationalſongarne: „Sønner af

Norge" og „Hvor herligt er mit Fødeland", og dei hadde visst inkje mindre Eld og Glod en me, um dei enn hadde mindre gode Songar.

Kvifyre elska me daa dette Landet? Er det dei blaae Fjelli og dei djupe Fjordarne, dei digre Fossarne og den tjotande Skogen, som Diktararne syngja um baade seint og tidlege, som kveikjer denne Eldhug i Hjartat vaart? Aa nei — um Noreg var mest lika snaud og aud som det nakne Skjeret uti Havet, — me elskad det likavel. Grønlendingen, som ferdast millom Is og Snjo og Isklar og Kvalar og Sælhundar, og som syg paa Spekket sitt til at halda Varmen i seg, han elskar sitt Land so varmt som nokon annan elskar sitt, og Islendingen, som sit kalde Vetren utan Ved i Jordhytta si, han vil inkje byta med alle Heimsens Rike. Men me elska det, av di me ero fødde og uppalne i det; av di me her høyrde dei fyrste Æventyri fraa Modermunn og bad det fyrste Fadervaaret; av di me her fyrst saug Kjærleike til vaar Saga og vaart Folkeliv; av di vaare Feder hava leivt oss eit Verk til at gjera og ei Byrd til at lyfta. Hadde me inkje at gjera, var alt soleides som det skulde vera her i Noreg, so vardt me vel

ſom utſkjemde Born, trege og late og utakkſame. Men beint av di her er ſo mangt at reiſa og ſo myket at retta, beint difyre elſka me Landet vaart deſsmeir. Eg veit vel, at det finſt dei, ſom ropa, at me no hava „Tilfredshed og Ro og gode Dage", og at Maalmennerne berre vil bera med ſeg Ulukka og Uro, at dei ero „Oppviglere", ſom berre vilja hava „Oppoſition" og inkje annat. Ja — det finſt ein „Tilfredshed", ſom ſit i Sofa og røykjer Cigar og inkje veit um alle dei trælande Henderna og bundne Tankarne og tunge Sukkarne fraa deim, ſom ero utanfyre Garden; og det finſt ein Ro, ſom heiter Matro, og ſom er lika nøgd, naar berre Fatet er fullt til kvart Maal; og det finſt ein Svevn, ſom heiter andleg Svevn, og ſom er verre en Dauden. Av ſlike, ſom hava det paa denne Viſi, er det deſsverre alt for mange i alle Stand, og mot deim er det greidt at me koma med Ufred og bera Uro med oſs. Naar Stridsmannen blæs i Luren og vekkjer den ſovande Heren, ſo ber han og Uro med ſeg; men ſkal han difyre verda dømd ſom Ufredsmann? naar Soli vekkjer Mannen til Liv og Arbeid, ſo ber ho og Uro med ſeg; men er ho di-

fyre inkje lika fullt Guds Sendebod til oss? naar me freista at opna Augat paa Folket, so dei faa friare Syn, fleire og høgare Tankar, meir Magt til at vera med og gjera si Gjerd i den store Riks-fylkingi, naar me vilja brjota ned Skilgarden av Fordom og Storlæta som er reist millom Folk her i Landet og me vilja samna alle til eit, er detta daa „Opvigling"? Vel — er detta Uppvigling, so er Uppviglar eit Heidersnamn, som me skal vera byrge av at skriva paa Bringa vaar, so hev eg inkje betre Ynske fyre oss Maalmenner, en at me maa vera gode Uppviglarar til vaar Daudedag. Maalmenner! Det er vaar Sak at bera med oss Liv, og eg vil tøma eit Glas fyre Noreg som eit Land, der andlegt Liv maa kunna trivast. Eg vil tøma eit Glas fyre Noreg, som eit Land, der Fridomsverket fraa 1814 inkje skal liggja som eit daudt Ord, men mana til Liv og Arbeid; fyre Noreg, som eit Land, der Folket skal koma til at kjenna seg sjølv og sitt, der Skil-gardar skal ramla ned og Band løysast, og som eingong skal verda til det me drøyma um.

Um Instinkten hjaa Insektarne.

(Or „Das Ausland".)

Ordet Instinkt (Drift, Givnad) hever paa seinare Tidi voret hatat og forfylgt som eit uklaart Ord, av di dat ikkje alltid var gjerande at setja eit greidt Merke imillom Instinkt og Vit. Georg Cuvier skilde i dan andre Utgaava av Regne animal av Fredrik Cuvier, Broder hans, allra fyrst dan dyriske Instinkten fraa dat menneskjelege Vitet, og dat er i Vissa ogso ein Skilnad imillom deim. Dyri gjera vituge Gjerningar, utan at dei kunna sjaa fyreaat Fylgjorna av desse Gjerningom. Dei synast at vita utan at hava lært. Fuglen kryp or Egget, og andre Aaret klekkjer han ut sine eigne Egg. Kann han vita, at dat er i Eggjom eit Fræ fyre ei livande Etterslægt, og at dat tarvst ei Uppvarming

til Mogning av Fræet? Dei unge Enderna, som ei Høna vardt nøydd til at klekkja, fara samstundes aat næste Tjørni og ganga i Vatnet, til Traas fyre Angestropet av Fostermoderi. Ikornet, um dat endaa ikkje hever livt Vetteren av, ber isaman og gøymer Føda til dan Tidi, daa dat ikkje kann finna nokot. Ein Fugl, som er fødd i eit Bur, naar han verd fri og kjem ut, vil han byggja sitt Reid paa dat same Treslaget, paa dan same livde Greini, med dat same Byggjefanget som hans frie Foreldre. Og Kongla gjerer sin Vev utan nokor Læretid fyreaat, og likaso gjerer Blad-Aama sin Spune. Mange slike Gjerningar verda no gjorde berre av di dat vaknar ei likamleg Drift, ei Torv elder ei Aatraa. Men mange Arbeide av Dyrom visa oss, at Vitet ogso er idigt i Lag med Instinkten.

Cuvier hever inkje vyrdt Insektarne rett; han sette deim etter Molluskarne. Dat var paa 17de Juni 1804 um Ettermiddagen, at Insektvinen Pierre Huber i Grendi ved Genf møtte ei Fylking av store raudbrune Maurar, som gjekk fram vel skipad paa ei Breidd av 3—4 Tumar og ei Lengd av 8—10 Fot. Han fylgde deim fram um eit Hagtornsgjerde

ut paa ei Eng, dar Fylkingi naadde sitt Maal, ein uppkastad Haug av Svartmaurar, som laag tjugo Stig fraa Gjerdet. Raudmaurarne freistade no paa at opna seg Inngang til dat indre av Tuva, dat kringsette Ilion laut falla, dei trengde seg inn i dan framande Bygningen, og etter tri elder fjore Minuter komo dei ut atter, kvar med eit sokallat Mauregg i Klypa, og daretter vende dei um atter paa dan same Herstigen. Pierre Huber fylgde daa ikkje lenger etter deim, og ingen tenkte dan Tid paa, kvat Raudmaurarne vilde gjera med dei stolne Eggjom til Svartmaurarne. Men seinare kannade Huber nokre av hine Maurar, som kallast Amazonmaurar, som han hadde i eit Glaskjerald, fyllt med Mold. Han skilde ut tretti av deim med Egg baade av deira eiget Slag og av dat svarte Maurslaget, og gav deim nokot Honing til Næring. I Fyrsta syntest Amazonorna at vera myket annsame med Eggjom, som dei baaro att og fram, men dei heldo snart upp med Arbeidet, og tri Dagar etter døydde sume, av di at Amazonorna inkje kunde føda seg sjølve. No vardt dat hentat ein einaste Svartmaur, og heilt einsaman forsynte han dei livande Amazonorna

med Honing, bygde eit Rom, bar inn Eggi, lagde deim til rettes og saag um deim, til dess Ungarne skulde krjupa ut. Detta kjenna no alle til, og me vita, at dat hjaa Maurom er sokallade Trælarike, at dat eine Slaget raner dat andre i Aametilstandet med dan Tanken at lata seg næra og tena av Trælom, naar desse hava kropet ut or Eggjom.

Fyrr i Tidi saago dei paa dat dyriske Fræet som paa eit litet Meisterstykke, likasom ei Klokka med uppdregi Fjødr, som gjorde sin Gjerning til dess dan ibuande Krafti var uttømd, men ikkje utan, fyrr ho stod stilt, at lata etter seg ei Mengd med nye Fræ, som skulde halda Spilverket i Gang. Alle Gjerningarne fylgde likasom etter ei Forskrift, so som Gangen av Klokkeverket kravde dat. Slike Synsmaatar ero vel fyre longo sidan uppgjevne. Naar me skulde tru, at Instinkten dreiv hine Raudmaurarne til at fara paa Trælejagt, kor kom dat seg daa, at dei fylgde Vegen beint fram til deira Maal? Dat er greidt, at dei fyreaat hadde funnet ut dan framande Bygningen, og at einkvar Vegfinnaren laut føra Fylkingi og fyreaat hadde gjort kunnigt dat han

hadde funnet og kvat han etlade at gjera. Dat er inkje moglegt annat en at Mauraarne tenkja og at dei hava dan Gaava at gjera kunnigt aat kvarandre dat, som dei hava tenkt, at dei gjera eitkvart, som hever sama Fylgjor som Tungemaalet hjaa Menneskja. Kjent er dat ogso, korleides Scarabæorna fara aat; i deim saago dei gamle Egyptar likasom Framdrivarar av eit Verdens Egg. Hodyret hjaa desse Tordivlarne legg Egget i ein Tadball (Mykball), som dan komande Aama skal finna si Føda i. Tadballen verd no framskuvad av Tordivlen deils med Bakfotom, deils med Hovudet, til dess han naar einkvar Stad, som Moderi held fyre fulltrygg til Vokstren av Eldet. Ved Framveltingi av Kula hender dat ofta, at ho fell ned i ei Hola. Daa balar Tordivlen i eino med at skuva Ballen upp etter Veggjom. Fell han atter og atter tilbaka, so flyg Scarabæa sidstpaa burt, men kjem um ei Stund atter med tvo, tri, ja fem Fellagar, og so hjelpast dei til at faa Tadballen upp aa flate Marki atter. Detta hever voret seet utalige Gonger og hever aldri voret motmælt, men dat visar oss greidt, at sume Insektar eiga eitkvart Midel til at gjera seg skynade av dei andre; og

naar Cuvier vilde ſtanda paa, at Inſtinkten hjaa Dyrom vardt kraftigare, di meir at Vitet minkade, ſo er juſt dat motſette dat, ſom er dat ſanne.

Dan einaſte Utgreidingi av Upphavet til Inſtinkten er til deſſa gjevi av Darwin, og med honom er G. Pouchet ſamtykt i ei Skrift i Revue des deux mondes um Metamorphoses, moeurs et instincts des insectes. Inſtinkten hjaa Dyrom er ei hiſtoriſk Fyrekoma, radt likaſom Sedſkapen hjaa vaar Mannsſlægt, i dan Maaten, at han kjem fram av Vanen og aukaſt til hjaa Etterſlægti. Dat er i Viſſa ikkje ſo ſom dei fyrr ofta hava ſagt, at dei inſtinktlege Gjerningar ſkulde vera bundne til Skapet paa Limerne. Bjoren (Bøveren), ſom i Europa bur i Donau og Rhone, ſkil ſeg med ſereigne Merke knapt fraa Bjoren i Nordamerika. Denne ſiſte byggjer ſine Hus i Vatnet og gjerer Dæmingar, men dan europeiſke Bjoren grev Gangar i Jordi likaſom ei Moldvarpa. Her hava me ſoleides reint ulike Arbeide med dan ſame Limabygningen. Me kunna anten tenkja oſs, at Bjoren i Europa hever fyrr bygt Hus i Vatnet og er ſidan komen paa eit lægre Tilſtand, elder umvendt, at dan nordamerikanſke Bjoren

hever reist „Sedskapen" hjaa sitt Slag til eit høgre Stig. Kvat ein so vilde svara, so er dat visst, at Instinkten hjaa Dyrom er umbrøyteleg. Elles hava dei ogso seet i Nordamerika, at dei einskilde Bjorarne lata vera at byggja, naar ein Bjorskare er vorden skild. At Vanar og Viser ganga i Arv vita me av dat, at naar unge Fuglahundar verda medtekne paa Jagti fyrste Gongen, so verda dei standande og visa Veidedyret. Darwin trur, so som dat ogso høver med hans Læra og Provemaate, at ein sokallad Instinkt verd grunnlagd ved ein Vane, som einkvar Skapningen hever fenget og som han daa giv i Arv aat sine Etterkomarar, fyre di at denne Vanen er nyttig fyre Upphaldet av Slægti. Han hever ogso visat, at dat finst ymse Gaukeslag, som inkje hava dan Vanen at leggja Egg i framande Reid, og likaso kvat dat kjem seg av, at Gauken alltid legg sine ymselitade Egg i dat Reidet, dar deira Lit vekkjer minste Mistanken. Me ero langt ifraa at forkasta dan Læra, at Vane-Instinkten kann nedervast, men ein kunde ogso segja, at Vitet, som leidde dat fyrste Dyret av si Slægt til at gjera ein sokallad instinktleg Gjerning, er gjenget yver paa

dan seinare Slægti. Naar Tordivlen er i Naud, lyt dat daa finnast eit Slags Tankearbeide inne i honom. Han lyt koma i Hug, at han er for veik til at lyfta Tadkula, men at ei fjore fem Fellagar kunna hjelpa honom, naar han ropar deim aat seg. Dartil tarvst dat i Vissa at hava Vit. At Maurarne fullføra deira underjordiske Bygning, kunde ein tyda seg med dat, at dei hava ervt Drifti til dette Arbeidet og at dat heile er fyreseet i Klokkeverket aat deira kroppslege Innreide og verd gjort i Tankeløysa. Men berre Valet av Byggjefanget syner ein andleg Gjerning. Dei hava seet kor ein Flokk av Maurar bar ein Oldenborreveng til Tuva deira. Men Opningen var for liten aat denne trojanske Hesten; difyre vordo Sideveggjerne nedrivne, dan gilde Funden innbergad i Tuva, og dan nedrivne Staden sidan sett i fullgodt Stand. Maurarne bruka Bladlyserna til Fostermøder, i di dei suga dan søte Saften av, som Bladlyserna sveitta ut. Naar ein Flokk med Bladlyser fell paa Marki ved eit Slag, so skunda Maurarne seg ned og føra sina Amor upp atter; ja, naar Bladi paa ei Grein visnar paa Grunn av Lusaatet, so bera Maurarne sitt Mjølke-Fe paa

ei onnor grøn Grein. Ein øgjeleg Fiende mot Humlorna er Daudhovudet (Sphinx Atropos), som med sitt Skinn og si Hornhud kann verja seg mot kvar ein Styng, so at dette Fivreldet kann lystelege njota Honingen urefst. Blanchard fortel, at i alle dei Land, dar dat er myket av denne Flogfaren, plaga Humlorna fidst i Juni, so snart som dei fyrste Daudhovudi syna seg, at kleima Inngangen til Humlebolet isaman so myket at dan tjukkvomba Røvaren ikkje kann sleppa inn. So snart dat er lidet framum Flogtidi til Daudhovudet, verd Inngangen atter umvølt til sin fyrre Storleike. Er detta Vit elder Instinkt? Aama av Sphinx Atropos liver paa Potetekaalet og er fyrst vordi aalmenneleg med Poteta; soleides er hin Humleinstinkten nokot reint nytt og modernt. Me vilja endaa umtala, at Instinktarne hjaa Raudmaurom og Svartmaurom, som liva saman i Engelland og i Sveits, ero reint ulike. I Engelland verda Mauretrælarne haldne av Raudmaurom berre til Fostring av Egg elder Aamor, medan dei sjølve, dei raude elder Hermannskasta, føra Føda aat Bolet. I Sveits darimot fysla baade Kastorna med alle Byggjearbeide og likaso med Framførsla

av Føda. Dat er soleides greidt, at Instinktarne hjaa Dyrom ero umbrøytelege, at dei ero nokot historisk tilkomet og dartil sedskaps-historisk, at dei klokaste Dyri syna mest dei merkelegaste Instinktar, og at dat jamvel hjaa Insektom attaat dei instinktlege Arbeide koma fram Gjerningar, som i Vissa lata oss merka Tilværet av ei Tenkekraft.

Chicago.

(Etter nokre Ferdaminne i „Revue des deux mondes".)

Chicago, som ligg ved dan sudaustlege Enden av dat store Mishigan-Vatnet, er ein underfull By. Slik Tilvokster og Framgang som med denne Byen hever dat endaa aldri voret seet elder høyrt um. I 1829 hadde Chicago 30 Ibuar, i 1834 1800, i 1844 8,000, i 1850 28,000, i 1855 80,000, i 1863 150,000, og no ved sidste Manntalet i 1866 264,836. Endaa merkelegare ero dei Tal, som syna Framvokstren av Handel og Sigling. Timbret verd i Amerika mælt etter Fot; i 1865 kom dat til Chicago-Hamni 647,145,734 Fot Timber og dartil i same Aaret 66 Millioner Legtar og 311 Millioner Takfjøler. Handelen med Korn og annat Matfang visar Tal, som inkje ero mindre merkande. I 1865 var dar i Chicago 73 Dampskip paa 43,500 Tons,*)

*) $2^1/_4$ Ton = 1 Kommersleſt.

76 Barkskip paa 34,978 Tons, 52 Briggar paa 17,626 Tons, og 559 Smaabriggar paa 150,862 Tons. Naar me lesa desse Tal, ljota me hugsa, at dei visa Tilstandet aat ein Handel, som er tilkomen i andre Fjordungen av dette Aarhundradet. Fyre kvar Mann, som hever eit Slags Skyn paa dei vanlege Handelsframstig i eit Rike elder i ein By, er dat med Handelslistorna i Chicago nokot fantastiskt og jamvel utrulegt.

Illinois-Folki, som bu i Chicago, ero myket byrge av deira By. Dei hava Ordet fyre at skrøyta duglegt; Sanningi er, at dat er meir Framtak i deim en i dei andre Borgarfolk i Republiken; dei lika store Tal, og likasom dat er Tilfellet med Folk med stort Vit, som ero litet dannade, so hever Handelslistorna fyre deim eit serlegt Ynde. Dei snu og venda Handelssummarne paa alle Maatar og enda med at koma til vitlause Endemaal. Dei vita kor mange Gonger at Timbret, som aarlege verd innført til Chicago, kunde naa umkring Jordi, og dei gnika Henderna med eit eggjande Uppsyn, i di dei nemna denne merkelege Ting. Ein Illinois-Mann sagde til meg, daa han talade um ein rik Kaupmann: „Han

heve likaso mange Dollars i Innkoma som dat er Murstein i denne Kyrkja." Naar ein heve voret eit Døgr i Chicago, undraſt ein inkje meir paa slike storfelte Ordalag. Storleiken aat dei Uppfunder i Handel og annat, som ein høyrer gjeta, er ofta reint løgleg; dat er inkje mindre visſt, at dei gjera Ting i Chicago, som ero i Sanning storſlegne; Ibuarne kjenna ikkje til dat umoglege, dei ero visse paa, at Chicago kann gjera kvat dat skal vera og vil enda med at gjera kvat dat skal vera; dei tvila slett ikkje paa, at han ein Dag vil vera dan fremste Byen i Amerika og i heile Verdi. Skrivaren av ein Vegvisar i Chicago gjerer med dan beste Tru av Verdi fylgjande Rekning: „I 1866 hadde Byen 109,260 Ibuar, i 1864 169,353, i 1865 178,000 og i 1866 264,836, og detta gjorde Chicago til dan fjorde Byen i Sambandsriket. Naar me fylgja dan same Framvokstren, skal Folketalet i vaar By vera 500,000 i 1872, meir en 1 Million i 1880, og i 1900 vera tvifaldt mot dat noverande Folketalet i Ny-York." — Dan same Mannen skriv endaa i Vegvisaren med dat same Ordalaget, som høver so vel fyre Ibuarne i dette „Heimsens Kornhus", i denne „Hagebyen

aat dat amerikanske Fastlandet": — „Me finna i Tusund og ei Naatt ikkje nokot meir storfelt en Framgangen i Chicago. Ingen Ting i Heimen er meir underfull, meir offaleg, meir utruleg en denne Framgangen. Naar me med eit einaste Exempel vilde prova dei Fyremuner, som Amerika hever framfyre alle andre Land i Heimen, naar me skulde visa paa gilde Aalmennings-Skipnadar, paa Handelsframvokstren, dan umotstandande Folkekrafti, Storleiken av Arbeidet, Dugen til at nytta alle dei Fyremuner, som Naturi hever gjevet dat, — naar me skulde visa alt detta, so hadde me inkje annat at gjera en at nemna Chicago, Mønsterbyen i Amerika."

Og sannlege, denne Byen visar oss ovlege vel vissa Sidor i dat amerikanske Livet; han er som eit Samandrag av dan store Republiken. Ein finn dar alle dei gilde Sermerke, som hava gjort Amerikafolket til dan megtugaste og rikaste Landslyd i Heimen; ein kann ogso dar sjaa denne utekkelege Skort paa Sans fyre dat fagre, som gjerer alt inderlegt Tankeskifte imillom Amerikafolket og Europafolket so tungført, ja mest umoglegt; ein undrast yver ei Kraft, som dat inkje finst Maken til; ein finn Moro i tusund

ſtorløglege Ting. Ein kann inkje lata vera at ſjaa, at ein er hjaa eit ovlege ſtort Folk; Undringi er ſo livande og ſjølvgjevi, at ein ſkulde ikkje vilja dylja ſin Trong til at bera henne upp, ſoframt ikkje Folki ſjølve ſette ein Hindring fyre ſlik friviljug Hylleſta, i di dei krevja henne ſom ein rettkomen Skatt. Dei bida ikkje paa Lovordi, dei driva deim fram, og ſoframt dei ikkje koma ſnøgt nog elder fullkomne nog, bera dei deim upp fyre ſin eigen Rekning. Kjærleiken til Foſterlandet er myket fager og kann, jamvel naar han gjeng for vidt, ſyna eitkvart, ſom er vyrdande; men naar han vil hevja upp eit Land til Forfang fyre alle andre, daa verd dat uretferdigt og ofta ſtøytande. Framandmannen, ſom er trøytt av dei ævenlege Skrøytord av ſin amerikanſke Verd, Ord, ſom kunna verda ſamandregne til detta: me ero ſtore, rike, unge, frie, og de ero ſmaae, faatøke, gamle og Trælar; Framandmannen, ſom lyder paa ſlikt, verd uppøſt og endar med at ropa ut: „Ja, de ero ſtore Kaupmenner og gilde til at freiſta med nye Storverk; Pengarne koſta dykk inkjevetta, og de bægja ikkje til Sida fyre nokon Hindring. De ero frie, og de verda berre ſtyrde av Folk, ſom de hava valt

sjølve; men de vita inkjevetta, de skyna inkjevetta av dat, som er i Sanning gjævt og fagert. De hava korkje Skald elder Filosof elder Musikant elder Bilæthoggar elder Maalar av fremste Slaget; de hava Talarar, men ingi Tenkjarar; de liva, med faae Undantak, i fullkomi Ukunna um dei fagre Kunstar og Vitenskapar. De ero unge, dat er so mykt som at de ero Born; de fegnast av Smaating, og de kunna inkje skyna dat, som er stort og aalvorsamt. De stela av vaar Bokavl, men de yversetja honom ikkje og taka ikkje etter annat en dat, som er vesalt og vondt i honom. De laana vaare Skodespilarar, og av deim gjera de nokre Gyklarar; de henta vaare Songmøyar, og av deim gjera de Songternor paa Koffihus-Konserter; de visa fram Maalarstykke av vaare Meistrar likasom dei hjaa oss visa fram Kjemporna paa Marknadom, i di dei draga Mugen aat seg med Trumba og Trompet. De lægja aat vaart Stormannsvelde, men dat er ingen hjaa oss, som er so forhugad som de paa at faa Byrdnad og hava Umgang med Storfolket. De gjera vaare Modar løglege, i di de ikkje halda Maaten: naar me ganga paa høge Hælar, vilja de hava Gongor (elder Styl-

ter); stutt sagt, me skulde myket snarare kunna onvera dykk, en de kunde onvera oss, og de turfte ikkje gløyma, at alt dat store, som de hava gjort, dat hava de gjort med dat Verkty, som me hava laant dykk."

Slike Grunnar hjelpa ikkje til nokon Ting. Tydskaren byd seg sjeldan til at vera med paa slika Umrødor, han er for tolug og spaklyndt til dat og ber hjaa seg sjølv ei Medvitend av sitt eiget Verde, som er likaso sterkt som dat er inderlegt. Franskmannen er helder ikkje vel lagad fyre Aataket av Amerikanaren; Franskmannen hever meste Umgangen med sine Landsmenner, og som oftaste talar han dat engelske Maalet so vesalt, at Samtalen er snart ute. Men Engellendingen sparer seg aldri med at taka upp Handsken, som hans Systkynbarn kastar aat honom; han gjerer seg til Kjempa fyre heile Europa, og mest fyre Engelland; difyre kjem han aldri ut av Uppøsingi, og nio Gonger av tio ber han med seg fraa si Amerikaferd berre eit Minne, som er vordet beikt av alle dei Ordkast, som hava merkat ut hans Ferd igjenom Landet, og soleides kjem dan sanne Storleiken hjaa Amerikafolket til at løyna

seg fyre honom bak Lyte og løglege Ting, som ero mest synlege.

Dat er i Chicago ei stor Mengd med Kyrkjor og Almennings-Bygnadar. I Gatom, men mest paa ein fin Veg attved Missigan-Vatnet laut eg bisna paa dei ovstore Husi, reine Kongsgardar, som dat i Vissa hever kostat Millioner at byggja. Sumа Gator i Stormannsdeildi av Byen ero hardla vel-haldne; men dar Handelen er størst, kunde ein ynskja myket meir Reinleike. Dat, som er mest merkande, er dan store Røra attved Hamni. Staaket av eit Tjug Baatfolk, som med Skraal og Skrik bugsera store Farkoster deils til Ankjergrunnen, deils ut paa Fjorden, Ropet av Matrosar, av Baatfolk, av Sjau-arar, av Vognmenner, tusund Slags øgjeleg Larm med ymse Slags Arbeide, — alt detta gjerer ein Ljom og ei Røra til at verda reint øren av, og som ein i Dokkarne og Gatorna i London berre fær ein liten Tanke um.

Jordvarmen. Millom andre Vitnemaal, som Folk halda fram til Merke paa, at Jordi inn i Midten er glødande, paa Lag som braadnat Jarn, er ogso dan Ting, at di djupare ein kjem ned i Jordi, deſs heitare verd dat. Detta kann ein greidt visſa seg um i dei djupe Bergverks-Gruvor, som finnaſt paa Jordi paa so mange ſerſkilde Stader. Nylege hava dei ogso fenget eit nytt Vitnemaal paa dette same i ei Steinkolgruva i Engelland. Geologarne, elder dei som driva paa med Jordlæra, hadde her ein Staden funnet ut, at soframt ein kunde arbeida seg ned under eit Lag med raud Sandſtein, so vilde ein koma til eit myket rikare Steinkollag en nokot av deim, som no ero under Arbeid. Men detta ſynteſt at vera reint eit Jøtulsverk. Dat spurdeſt etter at naa ned til ei Dypt av 3000 til 4000 Fot, og Vandarne med eit slikt Arbeid ſynteſt næſtan uvinnelege, ogso av dan Grunn, at dat trulege vilde verda for heit at liva hernede fyre deim, som arbeida ſkulde. I dan ovannemnde Gruva, som ligg ved Wigan i Lancaſhire, hadde dei alt arbeidt seg ned til 1800 Fot, og dar var Varmen 18 Grader Reaumur. Men i 1868 toko Eigararne av denne Gruva likavel dan Raadi at mina seg ned til eit nytt Kollag, som ſkulde liggja 600 Fot djupare. I dan utruleg ſtutte Tid av 14 Maanadar var dette møddeſame Arbeid fullført, og denne Gruva, som no er 2424 Fot djup, er dan djupaſte Gruva i Engelland og vonlege paa all Jordi. Her nede fann dei ogso gode Kol, men Arbeidskoſtnadarne ero myket dyrare, paa dan Grunn, at Lufttrykket her er ſterkare og Varmen myket høgare. Gradeſtokken ſynte her paa denne Dypti $27\frac{1}{2}$ Grad Reaumur. Soleides heve Varmen aukat med $9\frac{1}{2}$ Grad paa 600 Fot paa Lag.